HJELMELAND KOMMUNE



Kommuneplanen sin arealdel 2027 - 2039

Føresegner og retningslinjer

HØYRINGSUTKAST

Vedtatt av Hjelmeland kommunestyre 29. oktober 2026 – sak 68/26

Innhald

1 GENERELL 5
2 BEBYGGELSE OG ANLEGG 8
2.1 GENERELL 8
2.2 BUSTADER 9
2.3 FRITIDSBUSTADAR 11
2.4 SENTRUMSFORMÅL 12
2.5 FORRETNING 12
2.6 TENESTEYTING 13
2.7 FRITIDS- OG TURISTFORMÅL - REISELIV 15
2.8 RÅSTOFFUTVINNING 17
2.9 MASSEMOTTAK 18
2.10 NÆRINGSVERKSEMD 19
2.11 IDRETTSANLEGG 21
2.12 ANDRE TYPER ANLEGG: NAUST, BRYGGER OG SMÅBÅTHAMNER 21
2.13 GRAVPLASS 24
2.14 KOMBINERT BEBYGGELSE OG ANLEGG 24
3 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR 25
3.1 PARKERINGSPLASSER 25
4 GRØNTSTRUKTUR 26
4.1 NATUROMRÅDE 26
4.2 TURDRAG 27
4.3 FRIOMRÅDE 27
5 LNF - LANDBRUK, NATUR OG FRILUFTSOMRÅDE 29
5.1 LNF SPREIDD BUSTAD 33
5.2 SPREIDD FRITIDSBUSTADER I LNF 35
5.3 SPREIDD NÆRING I LNF 36
6 OMRÅDE FOR BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG 39
6.1 FERDSEL 39
6.2 SMÅBÅTHAMNER 40
6.3 FISKE 40
6.4 AKVAKULTUR 41
6.5 KOMBINERT FORMÅL I SJØ 43
6.6 DRIKKEVATN 43
6.7 NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE I SJØ/VASSDRAG 43
7 OMSYNSSONER 44
7.1 SIKRINGSONER 44
7.2 STØYSONER 44
7.3 FARESONER 44
7.4 SONE MED SÆRLEG KRAV TIL INFRASTRUKTUR 45
7.5 SONE MED SÆRSKILDE OMSYN 46
7.5.1 MINERALRESSURSER 46
7.5.2 FRILUFTSLIV 46
7.5.3 GRØNTSTRUKTUR 47
7.5.4 BEVARING NATURMILJØ 47

7.5.5 BEVARING KULTURMILJØ 50
7.6 SONE FOR BANDLEGGING 52
7.6.1 BANDLAGT ETTER NATURMANGFALDLOVA 52
7.6.2 BANDLAGD ETTER KULTURMINNELOVA 53
7.6.3 BANDLAGD ETTER ANNA LOVVERK VERNA VASSDRAG I HJELMELAND: 53
7.7 SONE FELLES PLANLEGGING – GJENNOMFØRINGSSONE 54
7.8 SONE GJELDANDE REGULERINGSPLANAR 56
8 FØRESEGNER SOM LINJER 63
8.1 FORBUDGRENSE SJØ 63
9 SAMFERDSEL/INFRASTRUKTUR SOM LINJER 63
9.1 FJERNVEG, HOVUDVEG, SAMLEVEG OG TILKOMSTVEG 63
9.2 GANG- OG SYKKELVEG 63
9.3 TURVEG ELLER TURDRAG 64
9.4 FARLED SJØ 65

KOMMUNEPLANENS AREALDEL

Kommuneplanen sin arealdel byggjer på **Kommuneplanen sin samfunnsdel** vedtatt 2019 med tilhøyrande vedteken Arealstrategi.

Visjon for planarbeidet : Hjelmeland naturlegvis.

Arealdelen er heimla i Plan-og bygningslova kapittel 11.

Arealdelen består av plankart og føresegner som saman er juridisk bindande

Plankartet viser arealformåla, omsynssoner og juridiske linjer og har tilhøyrande føresegner og retningslinjer.

Kommuneplanen sin arealdel blir lagt til grunn ved vidare detaljplanlegging, forvaltning og utbygging i kommunen, saman med generelle reglar i plan-og bygningslova og statlege retningslinjer.

FØRESEGNER OG RETNINGSLINJER - FORKLARING

Føresegnene	Føresegner er skrivne i utheva i farga tekstboksar. Føresegner er rettsleg bindande jf. PBL § 11-6, fastset konkrete begrensninger og krav og er kopla til formål i plankartet. Tiltak i strid med føresegner skal handsamast som dispensasjonar.
Retningslinjene	Førande råd for ønskja utvikling og vidare forvaltning og utan å vere rettsleg bindande. Retningslinjer gir t.d. ikkje avslagsheimel. Retningslinje er skrivne med vanleg tekst, dels i tabellar for enkeltformål.
PBL	Forkorting for Plan og bygningslova

1 GENERELL

§ 1 Plankrav jf. PBL § 11-9 nr 1

I område for bebyggelse og anlegg kan arbeid og tiltak som nemn i PBL § 20-1 samt frådeling til slike føremål ikkje finne stad før området inngår i reguleringsplan. Det kan likevel tillatast oppført nye bygningar til erstatning for gamle, òg gjenoppføring etter brann, utan at dette utløyser plankrav.

§2 Unntak frå plankrav

Unntak frå plankrav i bebygde område dersom følgjande vilkår er oppfylt:

1) utbygginga er å rekne som enkel fortetting/utbygging med inntil 3 nye einingar.
2) utbygginga ikkje forringar viktige fellesareal, grøntareal, leikeareal eller automatisk freda kulturminne. Der det er automatisk freda kulturminne skal søknader sendast på høyring til Rogaland Fylkeskommune.

3) utbygging ikkje er i strid med viktige samfunnsinteresser.
4) tilfredsstillande veg og parkeringsløysingar er sikra.

5) utbygginga underordnar seg eksisterande bygningar m.o.t. høgde, volum, utnyttingsgrad

6) utbygginga kan nytte seg av eksisterande infrastruktur og transportsystem

7) fagkyndig ROS-analyse jf. TEK 17

§3 Utbyggingsavtale § 11-9 nr 2

Det kan inngås utbyggingsavtale mellom kommunen og grunneigar/utbyggjar for gjennomføring av kommuneplanen sin arealdel eller reguleringsplanar. Utbyggingsavtale kan nyttast der det er tenleg for å sikre heilskapleg og forutsigbar gjennomføring av planlagt utbygging, og kan m.a.. regulere opparbeiding og finansiering av teknisk infrastruktur som t.d. veg, vatn og avløp. Kommunestyret sitt prinsippvedtak i sak 06/07, jf. PBL kap. 17-2 skal leggjast til grunn for slik avtale.

§ 4 Krav til nærare angitt løysing for vatn, avløp, avrenning, veg…mm jf. § 11-9 nr 3

I område der offentleg vann og avløp er, eller blir gjort, tilgjengeleg er det tilknytningsplikt jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-1, 2.og 4. ledd. Dette gjeld òg for fritidsbebyggelse jf. pbl § 30-6. Ved tilknyting til offentleg vatn og avløp er det krav om definerte løysingar jf. kommunen si til ei kvar tid gjeldande regelverk.

Ved utbygging eller fortetting må ikkje bygningar eller faste konstruksjonar leggast nærare enn fire meter frå senter av vass- og avløpsleidning.

Opne og naturbaserte løysingar for overvannsløysingar skal leggjast til grunn ved regulering og utbygging av tiltak. Det må dokumenterast dersom dette ikkje kan veljast.

Naturlege flaumvegar i eller i nærleik til utbyggingsområde skal kartleggast og i størst mogleg grad bevarast. Lukking av bekkar er ikkje tillate, og eksisterande bekkar skal bevarast så nært opp til si naturlege form som mogleg.

Ved alle byggeprosjekt som medfører at opne bekkar blir lagt i rør eller at bekkar blir snevra inn eller endra, skal det leggjast fram fagkunnig dokumentasjon som viser at det er dimensjonert for ekstremnedbør. Tryggleiksnivå er gitt i byggteknisk forskrift § 7.2

§5 Rekkefølgjekrav § 11-9 nr 4

Utbygging av regulerte felt kan ikkje skje før tekniske anlegg som veg/parkering, vann og avløp samt energiforsyning er tilfredsstillande ordna

§6 Byggegrenser, utbyggingsvolum, og funksjonskrav § 11-9 nr 5

Forbodet mot tiltak i strandsona jf. pbl §1.8.2.ledd gjeld ikkje i område som i kommuneplanen er definert som byggeområde der byggegrense mot sjø framgår av plankartet. Det tillatast likevel vedlikehald og nytetableringar til navigasjonsmessig bruk innanfor planområdet jf. plan –og bygningslova 1-8, 4.ledd og § 11-11 nr. 4.

§7 Miljø jf. PBL 11-9 nr 6

For alle byggeområde der sjø, vatn og vassdrag blir berørt, skal det gjerast ei fagyndig vurdering av tiltaket sin effekt på den økologiske tilstanden til vatnet jf. Vassforskrifta. Denne skal leggjast til grunn for tiltaket. For byggeområde ved sjø, vatn og vassdrag som per i dag ikkje har god økologisk tilstand, skal kommunen vurdera miljøforbetrande tiltak med sikte på å nå god økologisk tilstand

§8 Risiko

Innvendig golv i nye bustader og fritidsbustader skal minimum liggje på kote + 2,3 m. Dersom det kan dokumenterast tiltak som sikrar inntrenging av vatn ved auka havnivå og stormflo, kan det i særskilte høve tillatast bygg lågare.

Viser elles til Kap 7.3 omsynssone fare

§9 Omsyn som skal tas til bevaring av eksisterande bygningar og kulturmiljø jf. PBL 11-9 nr 7

Utbygging skal ikkje kome i konflikt med automatisk freda kulturminne, eller gjere desse mindre tilgjengelege. Kulturminne skal sikrast i reguleringsplan ved bruk av omsynssone d) jf. pbl.§11-8. Rogaland Fylkeskommune vil ta stilling til omsynssona si utstrekning på reguleringsplannivå.

§10 Forhold til vidare reguleringsarbeid jf. PBL-9 nr 8

I alle reguleringsplanar for byggeområde i 100-metersbeltet er det krav om særskilt tilrettelegging for allmenn ferdsel/gangvegar samt opphalds/rekreasjonsareal for allmenta. Ved behov for båtplassar skal desse leggjast i fellesanlegg.

§ 11 Område unntatt rettsverknad – Svadberg-Mele-Melsøyrane, Årdal

Innanfor området som er vist kvitt med påskrift «unntatt rettsverknad» i plankartet, vil kommuneplanens arealdel planID KPL2019 og Kommunedelplan for Årdalstunnelen RV13 Melkeråna-Årdal plan ID K201501 gjelde inntil ny kommunedelplan for området er vedtatt.

2 BEBYGGELSE OG ANLEGG

2.1Generell

§12 Krav om teknisk plan

Til 1.gongsbehandling av reguleringsplanar skal det inngå rammeplan for veg, vatn, avløp og renovasjon. Planen skal vise prinsippløysingar for veg, vatn og avløp for utbyggingsområdet, samt samanheng med ev eksisterande system. Overvasshandtering og alternative flaumvegar + løysing for brannvatn skal visast i rammeplan.

§13 Krav om massedisponeringsplan

I reguleringsplanar for utbyggingsformål skal det i utgangspunktet planleggjast for å oppnå massebalanse.

Til 1.gongsbehandling av reguleringsplanar skal det inngå massedisponeringsplan der prinsippa i ressurspyramiden leggjast til grunn, dvs reduksjon, gjenbruk, materialgjennvinning, utfylling og avfallsdeponering. Planen skal avklare løysing for eventuelle overskotsmasser. Av klima og trafikkomsyn skal det leggjast vinn på å unngå omfattande transport

Før det kan gjevast løyve til tiltak som genererer overskotsmasse skal det føreligge godkjend løyve til deponering eller mellomlagring av massar.

§14 Rekkefølgjekrav

Fellesareal som t.d. felles parkeringsplassar, tilkomstvegar, båtanlegg, friområde og leikeplassar, skal opparbeidast og ferdigstillast til bruk samstundes med at tomtene blir bygd ut.

Retningslinjer

Lokalisering og utforming av nye bygg bør utformast slik at dei harmonerer med eksisterande bygningsmiljø, når det gjeld tomteplassering, struktur, volum, takform, materialbruk og farge. Det bør nyttast materiale som høver saman med omgjevnad. Bygningane må òg kunne gjenspegla preg og byggeskikk frå si tid.

Nye bygningar skal plasserast skånsamt i terrenget slik at landskapsbiletet ikkje blir endra vesentleg. Terrenginngrep skal samlast og minimaliserast. Landbruksjord og landskapselement som bekkar, kantvegetasjon, grønt.d.rag, friområde og andre naturareal bør bevarast. Masseuttak i byggjeområde, spesielt masseuttak som vil vere synleg frå sjøsida, bør vere minst mogleg. Bortsprenging av terreng som gir synlege skjeringar bør unngåast. Omsynet til automatisk freda kulturminne og naturmangfaldet skal ivaretakast.

2.2 Bustader

§ 15 Rekkefølgjekrav Hjelmeland:

Før det kan byggjast ut meir enn 15 bustader langs Burmavegen:
- skal køyretilkomst over Vågabrua utbetrast, jf. kommunestyrevedtak 58/18
- skal Burmavegen vere oppgradert/opparbeidd.

§ 16 Leikeplassar

Ved utforming av bustadfelt skal ein ta særskilt omsyn til barns oppvekstvilkår og trygge/trafikksikre løysingar. Felles leike- og uteopphaldsplassar skal inngå i reguleringsplanar for bustadfelt.

Ved bustadutbygging skal det sikrast tilstrekkelege areal for leik og uteopphald. Ved vurdering av behovet for nye leikeplassar skal det takast omsyn til eksisterande leikeplassar, nærmiljøanlegg, skuleområde og andre offentlege aktivitetsareal dersom desse har tilfredsstillande kapasitet, kvalitet og trygg gangtilkomst.

Krav om nye leikeplassar kan fråvikast dersom det blir dokumentert at eksisterande anlegg dekker behovet på ein tilfredsstillande måte.

Leike- og uteopphaldsareal skal plasserast og utformast slik at dei har gode solforhold, er skjerma mot støy, trafikk og andre miljøulemper, og gir høve til trygg leik og opphald for ulike aldersgrupper.

Areala skal ha trygg og universelt utforma tilkomst der dette er praktisk mogleg. Naturleg vegetasjon og eksisterande terrengformer bør bevarast og nyttast som kvalitetsskapande element i uteområda.

Framtidige bustadfelt med retningslinjer

Nr	Gnr/ Bnr	Stad	Bygd	Retningslinjer
B1	58/2, 58/41	Sæbø	Hjelmeland	Arealet samsvarer med avgrensing som i pågåande Detaljreguleringsplan R188 (tidlegare del av Områdeplan Sæbø-Flåtene, som opphevast). Detaljreguleringa kan vidareførast, med vilkår om maks 15 nye bustader og ei felles avkøyring frå Burmavegen
B2	103/98	Kyrkjebøen	Årdal	Arealet kan byggjast ut utan plankrav, men maks to nye bustader
B3	109/2,9,11,17,21 og 100/6	Melslia	Årdal	Krav om detaljregulering som samordnar med eventuell ny tilkomstveg til eksisterande bustadfelt Melslia, sjå kap 7.7, G9. Dvs reguleringsplanområdet må omfatte meir enn det framtidige bustadformålet.

B4	102/21 mfl	Melevegen Bustadfelt	Årdal	Gjeld kommunalt areal Årdal omsorgssenter og kommunale bustader + to eksisterande bustadtomter 102/14 og 103/11. Området skal regulerast til bustadformål med krav om felles plan og tett utnytting, jf. gjennomføringssone kap 7.7 Ein skal leggje til rette for utbygging som fremjar sosiale buformer, t.d. med fellesareal ute og inne. Det skal leggjast vekt på tilgjengelegheit og universell utforming. Eksisterande bustadtomter kan fortettast med fleire bueiningar.
B5	1/146 mfl	Nytt bustadfelt Øye	Randøy	Dei frådelte tomtene kan byggjast ut utan plankrav, men plankravet slår ut ved realisering av resten av feltet.
B6	65/16	Askvik-bakken	Hjelmeland	To bustadtomter, kan byggjast ut utan plankrav. Men krav om teknisk plan og ROS-analyse for begge tomtene samla.
B7	58/6	Sæbø	Hjelmeland	Ei ny bustadtomt, kan byggjast ut utan plankrav. Krav om tilkomst via eksisterande veg, Sæbøvegen.

Eksisterande bustadfelt utan reguleringsplan

§17 Fortetting av nye bustadeiningar

Desse områda er i tråd med plan og kan skje som ordinære byggesaker dersom fortettinga følgjer vilkåra i §2 unntak plankrav.

§18 Eksisterande bustadar

Eksisterande bustader i desse områda kan ha eit bebygd areal BYA pr tomt på 300 m2, inkludert garasje/uthus og parkeringsareal

2.3 Fritidsbustadar

Framtidige område for fritidsbustad

Nr	Gnr/Bnr	Stad	Bygd	Retningslinje
H1	53/1	Gåsavatnet hyttefelt	Hjelmeland	Del av tidlegare regulert område , Fortetting med maks 3 nye hytter, samordne med eksisterande infrastruktur/avkjørsel fylkesveg
H2	72/6	Moldfallet	Hjelmeland	2 hytter, fri ferdsel langsmed sjøen. Godkjent ROS-analyse er føresetnad for utbygging

Eksisterande byggeområde fritidsbustad utan reguleringsplan

§19 Fortetting, ny utbygging, formålsendringar eller andre større endringar innan desse områda, er ikkje tillate, og vil eventuelt utløyse krav om reguleringsplan

§20 Storleik eksisterande fritidsbustader
Maks bebygd areal under tak 110 m2 BYA. Unntak, sjå §22 under.
Eventuell biloppstillingsplass kjem i tillegg.

§21 Differensiering av høgde ift takform:
Saltak: Maksimal mønehøgde 6,2 m, maksimal gesimshøgde 4,0 m.
Pulttak: største gesimshøgde maksimalt 4,8 m, og minste gesimshøgde maksimalt 3,8 m.
Flatt tak: største gesimshøgde maksimalt 3,5 m

§22 Eksisterande fritidsbustader i tidlegare regulert felt maks storleik:

1. Ølesund, Randøy 3 hytter: 1/108, 109 og 110, maks 80 m2
2. Barnevik, Fister 4 hytter: 73/7, 8, 14, 18, maks 75 m2
3. Dalen, Randøy 1 hytte: 1/1, maks 75 m2
4. Børøy aust, 2 hytter: 89/15,26, maks 90 m2
5. Grimsnes, Randøy: 1 hytte: 90/5, maks 90 m2
6. Bjødnabu, Hjelmeland 3 hytter: 52/9 og 10 og 52/1/3 , maks 90 m2
7. Kaldtveit utmark, Årdal: 7 hytter: 128/27, 29, 31, 32, 41, 42, 43 maks 75 m2

2.4Sentrumsformål

§ 23 Sentrumsområde - Hjelmeland

Sentrumsområdet forvaltast gjennom Områdeplan R179 Hjelmeland sentrum. Her kan ein kombinere formåla forretning, kultur, tenesteyting og kontor med bustad. Bustadeiningane skal etablerast i plan over 1.etasje då nedre plan skal nyttast til kunderetta formål. Nytt, reint bustadformål er ikkje tillate.

2.5 Forretning

Framtidig forretningsområde

§24 Sande med utvidingsområde F1

Krav om felles reguleringsplan med eksisterande forretningsbygg, jf gjennomføringsone G11 (kap.7.7)

Tilkomst og parkering via eksisterande anlegg. Arealeffektiv parkeringsstrategi; gjennom vidare planlegging skal ein vurdere parkering som integrert del av bygg.

2.6Tenesteyting

Dei fleste bygningar og anlegg til offentleg og privat tenesteyting inngår i regulerte område, men ein god del blir forvalta direkte etter kommuneplanen

Framtidig tenesteyting

§ 25 Plankrav for følgjande område:

1. T1 Utviding av Hjelmeland skule og barnehage
2. T2 Utviding av Årdal gravplass

Eksisterande område tenesteyting

§ 26 For eksisterande område

Aktuelle områder og funksjonar er lista opp under.

Enkel utviding og tilrettelegging innanfor området jf. retningslinjene kan skje utan plankrav.

Uteareala rundt skule/barnehage/grendahus skal frihaldast til leik, opphald og aktivitet, og skal ikkje byggast ned.

Skular Barnehagar	Retningslinje
Hjelmeland barne-og ungdomsskule Hjelmeland idrettshall Hjelmeland barnehage Fister barneskule og barnehage	Blir forvalta etter gjeldande reguleringsplanar
Årdal barneskule og barnehage	Eldre reguleringsplan opphevast, og arealet forvaltast direkte etter kommuneplanen

Kyrkjer /Bedehus	Retningslinje
Hjelmeland kyrkje og bedehus	Forvaltast etter Områdeplan Hjelmeland sentrum
Fister kyrkje og bedehus	Forvaltast etter reguleringsplan

Årdal kyrkje + eksisterande og framtidig gravplass	Forvaltast etter kommuneplanen, men plankrav gjeld ved utviding av ny del i vest. Omsynssone
Årdal bedehus	Forvaltast etter kommuneplanen
Årdal gamle kyrkje	Forvaltast etter kommuneplanen inkl omsynssone
Jøsenfjorden kapell og gravplass	Forvaltast etter kommuneplanen
Sandanger bedehus	Forvaltast etter kommuneplanen
Jøsneset bedehus og gravplass: inkludert p-plass	Forvaltast etter kommuneplanen
Øye bedehus og gravplass	Forvaltast etter kommuneplanen
Furutangen misjonssenter	Forvaltast etter kommuneplanen
Vormedal bedehus og Vormedalen gravplass	Forvaltast etter kommuneplanen
Askvik bedehus	Forvaltast etter kommuneplanen
Dalen bedehus	Forvaltast etter kommuneplanen

Forsamlingshus	**Retninglinjer**
Hjelmeland Samfunnshus	Forsamlingslokale/Kulturhus, Forvaltast etter kommuneplanen
Spinneriet, Hjelmeland	Forsamlingslokale/Kulturhus, Forvaltast etter R179 Områdeplan sentrum
Vormedalen grendahus	Forsamlingshus, Kommuneplanen
Fjellgardane Forsamlingshus, Ingvaldstad	Bevaring. Utviding bygg eller avkøyrsler ikkje tillate. Kommuneplanen
Jøsneset grendahus	Inngår i reguleringsplan som foreslås oppheva Forvaltast etter kommuneplanen: primært forsamlingslokale/grendehus, men kan òg nyttast til næringsformål/enkel tilrettelegging turisme som ikkje krev nybygg t.d. bubilparkering /enkel overnatting/kafèdrift
Randøy grendehus	Primært er forsamlingslokale/grendehus, men kan òg nyttast til enkel næringsretta tiltak som ikkje krev nybygg; t.d. kafèverksemd . Kommuneplanen
Fjordahuset Jøsenfjorden	Barnehagen er nå nedlagd, og inngår som del av grendahuset. Primært forsamlingslokale med kan òg nyttast til enkel næringsretta tiltak som ikkje krev nybygg, t.d. kafè, bubil . Kommuneplanen.

Offentleg vann og avløpsanlegg		
106/51	Dalane høgdebasseng	Årdal
76/2	Fister høgdebasseng	Fister
1/82	Høgdebasseng Ølesund	Randøy
	Vadla høgdebasseng,	Jøsenfjorden
142/12	Nessa høgdebasseng	Nessa
79/15	Hetlandsbygda høgdebasseng	Fister
69/13,14	Hauskje vannverk	Hjelmeland
100/23	Vannverk Svadberg	Årdal
90/1	Høgdebasseng, Hovda	Randøy
100/26	Renseanlegg	Årdal.

2.7 Fritids- og turistformål - Reiseliv

§ 27 Jordlova § 9 og 12 skal gjelde for :

RL4 Øyehabn og RL2 Tøtlandsvik

§28 Eksisterande bygg

For eksisterande utleigehytter som ligg i uregulerte område utanfor 100m-beltet er det tillate å oppretthalde og utvide til maks 110 m2.

Framtidige reiselivsområde med retningslinjer

NR	Gnr/ bnr	Stad	Tiltak	Retningslinjer
RL1	75/3	Fister camping	Camping plass for telt, bubilar og enkle/små campinghytter	Krav om at tilkomst frå fylkesvegen skal samordnast med regulert veg Eikehaugen bustadfelt. Reguleringsplan skal sikre tursti gjennom området.
RL2	35/1	Tøtlandvik Vormedalen	Enkle utleigehytte	Reguleringsplanen skal ta spesielt omsyn til elvefaret og strandsone.
RL3	134/11	Tysdal camping	Eksisterande camping + utviding	Eksisterande drift på anlegget kan oppretthaldast og mindre tiltak gjerast utan plankrav. Plankrav for større endringar/auke i tal hytter/einingar/utviding el ved behov for større/andre typar bygg. Naudsynt avstand og eventuell kanstone mot elva avklarast på grunnlag av konkret fagleg vurdering.
RL4	2/1	Øyehabn, Randøy	Vertshus, båtservice, overnatting, småbåthamn, aktivitetstiltak	All utbygging skal skje innanfor byggegrense inne i vika v/tun. På vestsida av vågen er det ikkje tillate med faste bygg, men mindre/ midlertidige overnattingseiningar som telt/lavoar/campingvogner/ bubilar er tillate + aktivitetsfremjande tiltak som t.d. grillplasser, felles gapahuk, leikeplass, aktivitetsløyper, tilrettelegging for kajakk ol
RL5	101/7	Sanitas, Årdal	Overnatting	
RL6	62/69	Sande, Hjelmeland sentrum	Camping/ telt-og bubilplass, med nokre faste over-nattingsbygg og servicebygg Aktivitets-park	Krav om reguleringsplan for begge delområda ink grøntstruktur mellom samt friområde i sør. Retningslinjer for planarbeidet framgår av G2 i tabell kap 7.7
RL7	62/1	Sande, Hjelmeland sentrum	Utviding av bubil-camping	

2.8 Råstoffutvinning

§29 Rekkefølgjekrav for avslutning av pågåande og opning av nye sand- og grusuttak:
Innafor ein radius på 2 km skal det ikkje godkjennast reguleringsplan for nye uttak før det er føreligg godkjent avslutningsplan med fastsett tid for avslutning for opne uttak innafor same område

Framtidige råstoffutvinningsområde med retningslinjer

Nr.	Gnr/bnr	Stad	Bygd	Tiltak	Retningslinje
RS1	88/ 1 og 2	Randåsen vest	Randøy	skifer	
RS2	29/2	Krossleite/ Kromshagen	Jøsenfjorden	Grus	Krav om at ein finn gode landskapsmessige løysingar ift fylkesveg/elv i aust.
RS3	138/1,2 ,6,14,16 og 139/7 og 33	Soppeland	Årdal	Grus	Tidlegare regulert R117. Krav om ny felles reguleringsplan før uttak, jf. Gjennomføringssone kap 7.7. Sikre elvesona som grøntstruktur og randsoner elles rundt uttaksområdet. Regulere inn g/s-veg langs RV 13 med rekkefølgjekrav
RS4	27/1, 5 28/1,6	Storhogg og Melands-moen	Jøsenfjorden	Grus	Krav om å ivareta bekkedrage som renn gjennom området.
RS5	45/6	Laugalands-brekka	Vormedalen	Grus	
RS6	137/ 1,3,4	Tjentland	Årdal	Grus	

Retningslinjer

1. Ved regulering til uttak må det takast omsyn til landskapsbilete og sikre estetisk gode løysingar. Randsoner og kantvegetasjon, spesielt inntil vassdrag, skal takast vare på.

2. Ved regulering til råstoffutvinning må tryggleiksomsynet til nærmiljøet vere ivaretatt og sikra.

3. Områda skal tas ut etappevis, og det skal utarbeidast tilbakeføringsplan av uttaka til landbruksformål når uttaket opphøyrer.

2.9 Massemottak

§30 Området skal nyttast til mottak og mellomlagring av reine overskotsmassar; stein/grus/sand-ressursar og tilsvarande mineralske massar fra bygge- og anleggstiltak

NR	Gnr/ Bnr	Stad	Retningslinjer
MM 1	99/6	Riskedal, Årdal	Området skal nyttast som dyrka mark etterpå

2.10 Næringsverksemd

§ 31
Det er plankrav for alle framtidige næringsområde etter retningslinjer som framgår av tabell under.

§32 For område I1 Viganeset skal det lagast ein felles områdeplan for både eksisterande og utvida industriareal, sjøareal og randsoner jf. gjennomføringssone. Planen skal avklare kva type verksemd som skal prioriterast i området, omsyn til andre interesser, føringar for eventuell vidare detaljplanlegging og/eller føringar for direkte utbygging/tiltak.

Framtidig næringsverksemd med retningslinjer

Nr.	Gnr/ Bnr	Stad	Tiltak	Retningslinjer
I1	71/1	Viganeset, Hjelmeland	Både eksisterande og utviding	Krav om felles plan, jf. Gjennomføringssone, jf kap 7.7, G7 Planen skal sikre betre utnytting av området (fortetting av eksisterande), og rekkefølgjekrav om at område som i dag ikkje er nytta til landbruksproduksjon skal utnyttast før nedbygging av dyrka mark. Strandlinja i vest og Essvika i aust skal haldast fri, og det skal tas omsyn til fiskeområdet, kulturminne, avslutta avfallsdeponi. Sjøområde som t.d. regulert akvakulturområde i aust må tas med
I2	142/ 3	Steinsvika, Nessa	Kopla mot akvakultur	Skal berre nyttast til føremål som er knytt til oppdrettslokaliteten i området. Må ta omsyn til kommunal vassleidning
I3	81/3	Hetlandsbygd Fister	Industriområde	
I4	18/ 15, 16	Fosså, Jøsneset	Industriområde Produksjonslokaler og lager/lettindustri	Mikal Laks ligg i området frå før. Mindre utvidingar/endringar på 18/14 kan gjerast utan plankrav. Krav om felles plan for to delområde . Det skal takast særskilt omsyn til elva.

I5	30/2	Haugevika, Jøsenfjorden	Industriområde Lager/lettindustri	Plankrav der ein tek omsyn til bekkedraget og sikring av terrengskråningane
I6	58/58,59, 73	Almenningen Hjelmeland sentrum	Bilverkstad/ Lager/lettindustri	Området er delvis utbygd. Plankrav for heile området for nye tiltak, der ROS-vurderingar med eventuelle avbøtande tiltak og omsyn til elva og vegen skal avklarast
I7	59/1, 57 og 102	Osa Bru, Ålakjibå, Hjelmeland sentrum	Lettindustri/Produksjonslokale/lager	Det tillatast meir utbygging, men ikkje nærare elv og/eller vatn jf. byggegrense. Enkel fortetting kan skje utan plankrav, men vilkår om ROS-vurdering av grunnforhold og flaumfare i enkeltsaker. Krav om plan slår inn ved større utbyggingar som t.d. krev omlegging infrastruktur. Moglegheit for gangferdsel gjennom området til vatnet er ønskjeleg å oppretthalde

2.11 Idrettsanlegg

Oversikt med retningslinjer

	Gnr/ Bnr	Stad	Bygd	Tiltak	Retningslinje
IDR1	79/1	Ingvaldstad	Hjelmeland	Skyte-bane	Eksisterande bruk kan oppretthaldast. Utvidingar og/eller endringar av anlegg medfører plankrav. Fokus på sikringssoner og støysoner.
IDR2	30/24	Hauge	Jøsenfjorden	Skyte-bane	
IDR3	63/2	Bjødnabu	Hjelmeland	Skiløype	Oppgradering av løypa kan skje utan plankrav, men det tillatast ikkje tiltak som svekkar naturverdiar i området langs løypa. Det skal fortsatt takast omsyn til ålment friluftsliv
IDR4		Bøen/Moen	Årdal	Fotball-bane	Tidlegare del av reguleringsplan (Foreslått oppheva) Eksisterande bruk kan oppretthaldast, Større anleggsendringar krev reguleringsplan

2.12 Andre typer anlegg: Naust, brygger og småbåthamner

I dette arealbruksformålet har ein samla all utbygging av fellesanlegg som er knytt til naust, brygger og småbåthamner, både på land- og sjøareal.

§33 Naust, brygger og småbåtanlegg

Nye naust-, brygge- og småbåtanlegg skal samlast i fellesanlegg for fleire eigedommar gjennom reguleringsplan; eventuelt som del av reguleringsplan for nytt byggjeområde. Nye anlegg skal fortrinnsvis lokaliserast inntil eksisterande anlegg, og lokaliserast med omsyn til ålmenta og vanleg ferdsel i strandsona.

Det skal leggjast særskilt vekt på god estetisk utforming både av brygge/moloanlegg og eventuelt tilhøyrande fellesbygg. Det tillatast ikkje tilfeldig dumping av stein for å opparbeide molo: stein skal løast/plastrast å få ei estetisk tilfredsstillande utforming.

Det skal leggjast vekt på å opparbeide anlegga òg som trivelege felles møteplassar for nærmiljøet. T.d. skal ev. nærliggjande areal egna til bading/opphald leggjast til rette for og sikrast til dette formål.

Naust definerast er eit lagringsbygg for båt, plassert på land. For einskildnaust i byggjeområde skal bebygd areal ikkje overstiga 30 m2. Nye naust skal gis ei fasadeutforming/materialbruk som samsvarer med bruken og lokal byggjeskikk. Kvist er ikkje tillate. Bygningen skal ha enkel kledning og ikkje isolerast. Storleik på fiskeribaserte naust vurderast særskild

Brygge for enkelteigedom skal vere nøkternt utforma og bør avgrensast til det nødvendige for å sikre eigedomen sin tilkomst. Maks 15 m2, og breidde på toppdekket skal ikkje overstige 1,8 m. Det kan gjerast unntak ved behov knytt til næringsverksemd. Plattingar er ikkje tillate. Brygger skal gis ei god terrengtilpassing. Sprengingstiltak i samband med brygge, vert normalt ikkje tillate.

Båtgarasje definerast som lagringsplass/bygg for båt, plassert i sjø, slik at båtane kan køyre direkte inn under tak. Båtgarasje skal ha ei estetisk god utforming, utan større vindauge. Båtgarasjar skal som hovudregel inngå i fellesanlegg, og der naust av andre grunnar er mindre høveleg. Maks storleik båtgarasjar 45m2 BYA.

Fellesbygg : i tilknyting til store hytte/bustadfelt skal bygga utformast som fellesnaust/felles bodanlegg. Bygga skal ha rein lager- og servicefunksjon knytt til bruk av båt og det skal ikkje leggjast til rette for opphald. Bygga skal ikkje vere større enn tenleg og naudsynt i forhold til tal einingar og lagerbehovet.

Oversikt med retningslinjer

Nr	**GNR BNR**	**Stad**	**BYGD**	Retningslinjer
S1	63/1	Pundsnes,	Hjelmeland Sentrum	Utvikling av eksisterande båthamn inkl. fellesbygg på land kan skje utan reguleringsplan. Større utvidingar /endringar medfører plankrav. Fellesanlegg.
S2	141/4, 11 mfl 142/1	Nessa ved og sør forkaien	Nessa	Naust og bryggeområde som kan vidareutviklast gjennom samla plan for heile området. Reiseliv kan etablerast i området nord for kaien. Rom for fellesanlegg for båt i form av flytebrygger

				nordvest for kaien. Anlegget skal vere opent for alle. Parkering må avklarast, Ta omsyn til kommunal vannledning
S3	74/ 5, 10, 49	Fistervågen	Fister	Området kan tilretteleggjast for felles-anlegg småbåthamn med tilhøyrande felles naust/bodanlegg. Krav om reguleringsplan for både sjø og land inkl tilkomstveg/ parkering. Vedlikehald av eksisterande bygg og anlegg er tillate utan plankrav.
S4	23/1	Indre Eiane	Jøsenfjorden	Naust og molo-anlegg kan oppretthaldast men det tillatast ikkje utviding eller nye bygg.
S5	2/1	Øyehabn	Randøy	I tilknyting til framtidig område for fritids- og turistføremål, men kan òg nyttast som fellesanlegg for andre. Det er ikkje tillate med faste steinfyllingar. Trafikk til småbåthamna skal styrast unna K/L
S6	100/1	Årdal Båthamn	Årdal	Utviding av eksisterande felles båthamn for Årdal. Båtgarasje/naust skal vere relativt låge og delast opp i mindre bygningsgrupper, slik at det ikkje blir ein samanhengande vegg. Maks 30 m2 pr eining. Analyse av grunnforholda i sjø i reguleringsplanprosessen. Friområde sør for nausta.
S7	32/1	Haugevika	Jøsenfjorden	Utvidinga må skje vestover; inn i terrenget, ikkje meir fylling. Ikkje knytt til spesielt byggeområde, skal vere open for alle. Småtbåttrafikken skal styrast unna K/L-plassen
S8	27/1	Østerhusvika	Jøsenfjorden	Ikkje rom for private naust, men utviding og oppgradering av dagens småbåthamn som felleshamn/open for alle + tilrettelegging for ferdsel/opphald langs sjøen. Reguleringsplanen må innehalde føresegner for skjøtsel av den sårbare arten skjeggknoppurt.
S9	64/4	Kleppa	Hjelmeland	Fellesanlegg for fastbuande og andre i området. Ikkje rom for utviding
S10	100/5, 26,123	Melslia Naustområde	Årdal	Krav om samla reguleringsplan for heile naustområdet. Max 5 nye naust i tillegg til eksisterande. Nye naust maks. 30 m2, enkle brygger maks. 10 m lengd. Tilrettelegge for fri ferdsel. Sjå elles føresegnene over
S11	1/5	Valvika,	Randøy	Vidareutvikling av småbåthamna inkludert utbetring av eksisterande molo og etablering av flytebrygge med utriggarar

2.13 Gravplass

Gravplassar i tilknyting til kyrkje eller bedehus er lagt inn saman med desse under føremålet kap 2.6 Tenesteyting

Stad	Retningslinje
Jøsenfjorden	Arealet kan utvidast mot nord, som òg inkluderar tilkomstareal/ev parkering. Opparbeidinga kan skje utan plankrav.
Vormedalen	Avgrensing slik at det blir naturleg mot dyrka mark rundt.
Kåda/Sandanger	
Årdal	Det er lagt inn utvidingsareal vestover med plankrav
Hjelmeland	Forvaltast gjennom Områdeplan R179 Hjelmeland sentrum

2.14 Kombinert bebyggelse og anlegg

§34
I området tillatast det kombinasjonsformål som går fram av retningslinjer under

Nr	Gnr/ Bnr	Stad	**Retningslinje**
KBA1	63/ 1,2,18,77	Pundsnes, Hjelmeland	Området kan fortettast, vidareutviklast og utvidast som lettindustri, produksjonsverksemd, byggevare, brannstasjon, ambulansestasjon og liknande. Detaljhandel og bustad er ikkje i tråd med formålet. Enkel fortetting kan skje utan plankrav, men kravet slår inn ved utviding, og/eller større utbyggingar som t.d. krev omlegging av teknisk infrastruktur. Sjå kap. 7.7 – G12 krav om felles plan.
KBA2	19/3	Nesvik	Området kan nyttast til kombinert formål renovasjon IVAR, utsiktsplass/rasteplass og fyllestasjon for drivstoff/ladestasjon
KBA3	95/2	Ingvaldstad	Kombinert massedeponi/næring : Området skal kunne nyttast til mottak og mellomlagring av reine overskotsmassar; stein/grus/sand-ressursar og tilsvarande mineralske massar fra bygge- og anleggstiltak. Før etablering er

			det krav om reguleringsplan. Reguleringsplanen skal fastsetje nærare rammer for m.a. maks mengd mottak masser, randsoner, fyllingsskråninger, driftstid, transport/tilkomst, støv og støy, overvannshandtering, landskapstilpasning og føringar for istandsetjing etter bruk. Området kan òg nyttast til anna næring: I detaljregulering skal det avklarast kva anna eventuell type drift som tillatast.
KBA 4	73/1	Barnevik, Fister	Kombinert massedeponi/næring. Krav om felles reguleringsplan med regulert areal i R56. Krav om at strandsone mellom veg og sjø blir regulert til grøntstruktur eller LNF, og at det blir regulert inn ca 20 m brei sone på oppside av veg til grøntstruktur. Djupvannskaien skal vere tømmerkai. Ein skal ta omsyn til kartlagd naturverdi. Type næring avklarast i reguleringsplan.

3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

3.1 Parkeringsplasser

§ 35
Parkeringsplassane kan opparbeidast utan reguleringsplankrav på vilkår av retningslinjer i tabellen

	GNR/BNR	Stad	Tilknytt	RETNINGSLINJE
P1	126/21	Lyngsheia, Årdal	Eksisterande felles p-plass for hytteeigarar	Ingen utviding
P2	123/3	Åse v/ Ryganfossen, Årdal	Turist-attraksjon	Maks 0,3 daa langsmed kjørevegen, plass til maks 10 bilar, enkel opparbeiding/planering og grusing.
P3	42/2	Kleivaland, Vormedal	Utfarts-område/rute nett turist-foreningen	Eksisterande plass, utfartsområde
P4	90/1	Hovda, Randøy	Tilknytta badeplass Surdal/tur-område	Maks storleik 0,5 daa, enkel opparbeiding/grus

P5	127/20 og 127/1/1	Nes, Årdal	Innfallsport turområde	Eksisterande plass, utfartsområde Tilrettelegging for offentleg toalett, infoskilt, bord/benker
P6		Fundingsland, Vormedalen	Innfallsport turområde	Tilrettelegging for offentleg toalett og infoskilt. Kantsone til elv skal haldast fri for inngrep
P7	16/3	Åsland, Jøsneset	Innfallsport turområde	Skilting
P8		Bjødnabu, Hjelmeland	Innfallsport turområde/ prioritert frilufts-område,	Tilrettelegging for offentleg toalett, infoskilt, bord/benker,
P9	98/1	Gjessfjell , Hjelmeland	Innfallsport turområde,	Skilting
P10	126/21	Lyngsheia nord	P-plassane kan nyttast til kombinert betalt bubilplassering og for turgåarar/skiutfart. Plassane skal opparbeidast med minst mogleg terrenginngrep. Dei kan skiltast og grusast.	
P11	126/22	Lyngsheia Sør		

4 GRØNTSTRUKTUR

§ 36

Overordna grøntstruktur skal vera samanhengande og naturbasert. Grøntstrukturen skal takast vare på og vidareutviklast som bruks- og rekreasjonsområde for menneske, økosystem for naturmangfald, kulturminne, og for å bidra til klimatilpassing.

Friområde og overordna grøntstruktur skal gjerast tilgjengelege for ålmenta, og ved skjøtsel og tilrettelegging skal naturmangfald og kulturlandskap bevarast.

4.1 Naturområde

Påskrift	GNR/BNR	Stad	Bygd	RETNINGSLINJE
GN1	59/1 mfl	Hjelmelandsån å Elvesona frå Vågabrua til Steinslandsvatnet	Hjelme-land	Elva med tilhøyrande randsone skal haldast fri for utbygging.
GN2	62/79	Bekkedrag, Sandedalen	Hjelme-land	Inngår i krav om felles plan med framtidig reiselivsområde og friområde, sjå gjennomføringssone G2 i kap 7.7

4.2 Turdrag

Påskrift	GNR/BNR	Stad	RETNINGSLINJE
TD1	59/32 mfl	Prestøyra/Ånå Hjelmeland sentrum	Kommuneplanen overstyrer eldre reguleringsplan R44. Eventuelt avgrensa naustbygging i definert spesialområde i regulert område skal skje gjennom reguleringsendring.
TD2	62/ mfl.	Sande – Spahotellet-Fylkesvegen Hjelmeland sentrum	Framtidig gangveg/turveg langsmed sjøen med to tverrforbindelsar (gangveg-koplingar) opp mot fylkesvegen. Turvegen skal koplast mot regulert gangveg i R170 Sande ferjekai og R166 Solvang, samt mot regulerte vegar frå fylkesvegen i R46. Det er krav om utarbeiding av detaljreguleringsplan for eit større område enn kun gangveg-traseen, sjå føringar under kap. 7.7 gjennomføringsson G1 Kommuneplanen overstyrer gjeldande reguleringsplanar for området, dvs R 46 Nøkling-Sande og R44 Elveosen-Nøkling.

4.3 Friområde

På-skrift	Gnr/ Bnr	Stad	Bygd	Tiltak	Retningslinjer
FRI1	32/21	Haugevika	Jøsenfjorden	Friområde/ badeplass	Kommuneplanen overstyrer reguleringsplan R29. Badeplassen vest for molo/fellesbygg skal ivaretakast ubebygd som felles badeplass.
FRI2	101/1 mfl	Sanitas	Årdal	Friområde/ badeplass/ tursti	Strandsona ned mot Riskedalsvatnet skal haldast open for allmenta, og det kan etablerast tursti langsmed vatnet.
FRI3	102/1	Riskedals-vatnet	Årdal	Offentleg badeplass	
FRI4	59/1	Hjelmen	Hjelmeland	Naturområde/ turområde	Ved tilrettelegging i området skal ein ta særskild omsyn til registrerte naturverdiar
FRI5	89/1	Søre Børøyholmen	Fisterfjorden	Båtutfart	Området skal forvaltast i tråd med servituttavtalen
FRI6	100/4 mfl	Strandsone mellom båthamn og industri område	Årdal	Friområde	

FRI7	100/3	Strandsone mellom Årdal brygge og kai	Årdal	Friområde/ badeplass	Skal haldast open for allmenta. Kan oppgraderast
FRI8	63/1	Pundsnes	Hjelmeland	Friområde	Strandsone
FRI9	19/3	Nesvik	Jøsneset	Badeplass	Badeplassen regulert i R25/opphevast
FRI10	35/1	Tøtlandsvik	Vormedalen	Badeplass	Badeplassen regulert i R31/opphevast

5 LNF - Landbruk, natur og friluftsområde

§37 Vassdrag

Langs vatn og større vassdrag som har betydning for natur-, kulturmiljø- og friluftsinteresser er det ei sone med på 25 meter med forbod mot byggjetiltak og vesentlege terrenginngrep.

§38 Landbrukseigedommar i 100-m beltet frå sjø

På landbrukseigedommar som hovudsakleg ligg i 100m-beltet frå sjø kan det oppførast naudsynte bygningar, mindre anlegg og opplag knytt til landbruksverksemd nærare enn 100 m frå sjøen, dersom:

1) ein ikkje kan finna alternativ plassering og/eller
2) det blir plassert i tilknyting til eksisterande tun. 3) Nye bygg må tilpassast omgivnadane.

Ved plassering skal det tas omsyn til andre vesentleg interesser jf. PBL § 1-8

§39 Kulturminne

Dersom utviding av eksisterande bygningar eller oppføring av frittliggande bygg innanfor LNF kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne, skal saka sendast på høyring til Rogaland Fylkeskommune, kulturseksjonen.

§40 Eksisterande bustader i LNF

som framgår av tabell under definerast som etablert spreidd busetnad etter pbl § 11-7 nr. 5 b. Desse kan ha eit maksimalt bebygd areal BYA pr tomt på 300 m2, inkludert garasje/uthus og parkeringsareal.

§41 Eksisterande fritidsbustader i LNF-område

som framgår av tabell under kan utvidast under føresetnad av at totalt bebygd areal under tak ikkje overstig 110 m2 inkl bod + terrasse 20 m2.

Differensiering av høgde ift takform:
Saltak: Maksimal mønehøgde 5,7 m, maksimal gesimshøgde 4,0 m.
Pulttak: største gesimshøgde maksimalt 4,8 m, og minste gesimshøgde maksimalt 3,8 m.
Flatt tak: største gesimshøgde maksimalt 3,5 m

Eksisterande bustader i LNF	
GNR	BNR
1	22, 44, 60, 61, 78, 142
13	31
14	34
15	12
17	8, 12
18	9,11
27	1,7,8, 10 fnr 1
30	7,11
32	13,22,25,39
41	19,21,22,24
42	7,8
45	5,12,14,16,17
51	5,7
52	6,8
53	3
54	5
56	6,11,12,13 og 21,16,17, 19
57	2
58	140, 141
59	9
60	6, 13, 14
61	3
63	9,10,11,12,32,42
64	5,6,8,9,10,12
65	24,26,34,39
65	92
68	3
69	8,9,10, 11
70	11
75	22
75	26
76	3,47
78	3
79	13
80	12,14
81	9,12
85	38,70
88	3,28 fnr 1,34,38
90	8,11
92	6,22
95	4,8,13,19

99	11,12,13,16
100	28,29,44,52,134,141,151,164
101	3,50,53
102	3og23,8,15,18,31+12,13og17
103	34,40,41,54,97,98
104	7,8,9,22
105	13
106	21,36,37
107	11,12
108	9,19
112	19
113	26
128	23,26
130	17
132	3,4,13
138	18
139	32,35
141	6
142	23,42

Eksisterande fritidsbustader i LNF	
GNR	**BNR**
1	42,46,63,148
3	11
12	33
13	18,27
14	20
15	11,13,17,18,19,
17	11
19	11, 13,14, 15,16,23, 29
23	1 (fire hytter)
26	1 fnr 1
27	14
29	6
30	17,24 fnr 6
31	6
34	10,11
37	11
38	3 fnr 1, 5 fnr1,5 fnr 2, 5 fnr3, 10,19
39	26
41	18,23,26,29,36
44	6
45	25

46	5
47	20
48	10,15,16,17
49	4
50	3
51	1 fnr 1
53	5
54	4
61	8
63	87
64	18
65	45,63,89
68	4,5
73	4,6
74	11,20,22, 26 og 28, 27
75	6,25
76	5,27
77	4
81	8
86	16,18,19,
87	3 fnr 3, 11
88	29
94	11,12
95	5,18
97	5
100	20 og 21
101	4,20,27
102	24
103	13,26,96
105	14
111	3,4
112	10
113	9
123	7,11,12
127	22
128	7 fnr 2
129	28,30,31,39,40,42,50
131	2
134	21,24,32,34,35

5.1 LNF spreidd bustad

§42 Framtidig bustadbygging i LNF spreidd bustad

Områda der spreidd bustadbygging er tillate framgår av tabell under med retningslinjer for tal hus pr område.

§43 Tilkomstvegar

skal leggjast slik at det i minst mogleg grad:
1) kjem i konflikt med gardstun eller landbruksvegar
2) kjem på dyrka mark eller
3) fragmenterer landbruksområde

§44 Krav til teknisk infrastruktur

Bustader skal fortrinnsvis knytast til eksisterande, godkjente avkøyrsler, og skal ha godkjent vatn- og avløpsanlegg.

§45 Utnyttingsgrad:

Maks bebygd areal BYA pr tomt på 300 m2, inkludert garasje/uthus og parkeringsareal

§46 Rekkefølgjekrav

Før det blir gitt bygge- og deleløyve innanfor desse områda, skal det liggje føre:

- risiko- og sårbarheitsanalyse som avklarar/dokumenterer tilstrekkeleg tryggleik

- godkjent avkøyrselsløyve.

§ 47 Eksisterande fritidsbustader

Eksisterande fritidsbustader i områda for LNF spreidd bustad inngår i planen med maks utnyttingsgrad som framgår av jf. § 41

Framtidige bustader i LNF spreidd:

Område Nr	Stad	Bygd	Nye hus / derav på frådelt tomt
SB 1	Randa/Kåda (2 delfelt)	Randøy	5/4
SB 2	Sandanger Sør (3 delfelt)	Randøy	3/0
SB 3	Sandanger Nord (4 delfelt)	Randøy	3/2
SB 4	Laugaland Sør	Vormedal	1/0
SB 6	Mæland (to delfelt)	Vormedal	2/0
SB 9	Hetlandsvatnet/ Heggland (3 delfelt)	Breiland	2/1
SB 12	Fosså-Nesvik (3 delfelt)	Jøsneset	3/0
SB 13	Skiftun-Knutsvik-Asheim (8 delfelt)	Jøsneset	4/1
SB14	Ingvaldstad nord og sør	Hjelmeland	Ingen nye hus
SB15	Nessa	Nessa	1/1
SB 16	Nessa, ved sjøen	Nessa	3/2
SB 17	Bratthetland	Hetlandsbygda	2/0
SB 19	Espeland	Hjelmeland	3/0
SB 20	Vadla	Jøsenfjorden	Ingen nye hus
SB 21	Hauge (5 delfelt)	Jøsenfjorden	3/2
SB 22	Nesvik	Jøsneset	4/1
SB 23	Hundsnes	Hjelmeland	2/2
SB 25	Øvrehus	Fister	1/1
SB26	Breivik	Randøy	Ingen nye hus
SB28	Hetlandsbygda (79/3)	Fister	2/2
SB29	Vigane	Breiland	2/0
SB30	Hauaneset	Jøsenfjorden	1/0
SB31	Porsmyr, Nesvik	Jøsneset	1/1
Totalt tal nye hus			**48 nye hus, derav 19 på eksisterande tomter**

Retningslinjer

1. I desse LNF-SB-områda er frådeling av bustadtomter til nye hus i tråd med planen. Frådelingar skal behandlast etter jordlova.
2. Nye einskildtomter til bustader skal ikkje vera meir enn 2 dekar
3. Dersom frådeling etter jordlova er gitt, er det ordinær byggesaksbehandling knytt til utbygging innafor desse områda.

5.2 Spreidd fritidsbustader i LNF

§ 48 Framtidige fritidsbustader

Framgår av tabell under med føresegn om tal nye hytter og maks storleik

Framtidige område for LNF-spreidd hyttebygging med retningslinjer:

	GNR/BNR	STAD	BYGD	TAL HYTTER	FØRESEGN
LSF1	17/2	Jiskelid	Jøsneset	1	
LSF2	50/1	Jørmeland	Hjelmeland	1	Max storleik hytter 75 m^2. Ikkje vegframføring.
LSF3	49/2	Hetlandsvatnet	Hjelmeland	2	Max storleik hytter 75 m^2. Ikkje vegframføring.
LSF4	26/1	Bjønndalsvatn	Jøsenfjorden	1	Max storleik hytter 75 m^2. Ikkje vegframføring.
LSF5	45/10	Eikelida	Vormedalen	2	
LSF6	37/3/8	Liarstølsvatn	Fundingsland	1	
LSF7	106/31	Kaldavatnet	Årdal	1	Plassering jf. fullmaktsvedtak
LSF8	71/2 og 65/17	Vasstøl	Årdal	1	Max storleik hytter 75 m2. Ikkje V/V/A
LSF9	41/felles	Vassbotn	Vormedal	1	Max 50 m2 BYA Jf.. Forvaltningsplan SVR Vormedalsheia
LSF10	41/ felles	Botnen, Kvanndalen	Vormedal	1	Max 50 m2 BYA Jf.. Forvaltningsplan SVR Vormedalsheia
LSF11	37/38 felles	Stakkstøl	Vormedal	1	Max 50 m2 BYA Jf.. Forvaltningsplan SVR Vormedalsheia

Retningslinjer

1. Det skal nyttast materiale som er tilpassa omgjevnadane og stadeigne trekk i byggjeskikken. Nye einskildtomter bør ikkje overstige 1 dekar.

2. Fritidsbustadene skal gis ei mest mogleg skjerma plassering i terrenget. Plassering av fritidsbustad på høgdedrag skal unngåast.

Forvaltningsplan: «Forvaltningsplan for verneområde i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR)», frå 2015:
http://www.nasjonalparkstyre.no/Images/SVR_bilde/Forvaltingsplan%20SVR.pdf?epslanguage=no

5.3 Spreidd næring i LNF

§49 Spreidd næring i LNF

I desse områda kan det leggjast til rette for småskala og naturbasert reiseliv utan reguleringsplan, og dette skal skje gjennom føresegner som framgår av tabell under.

Nye og eksisterande turistforeningshytter inngår i formålet.

Mindre utvidingar av eksisterande hytter som er naudsynt av omsyn til tryggleik er tillate.

	Gnr/bnr	Stad	Tiltak	Føresegn
LSN1	18/4	Fosså, Jøsneset	Utleigehytter	Kan fortettast med maks ei ny hytte i tillegg til to eksisterande. Jordlova gjeld. Maks storleik pr hytte 100 m2 BYA
LSN2	19/4	Nesvik, Jøsneset	Mikrohytter til utleige	Området er ferdig utbygd med to einingar, tilsaman totalt for området maks BYA 75 m2 .
LSN3	73/3	Akstervika Fister	Bubilplass og glamping/naturbasert reiseliv	1) Nordside av fylkesvegen: arealet kan planerast ut og opparbeidast som bubilparkering. Vilkår at eksisterande avkjørsel frå fylkesveg nyttast. Kun enkel tilrettelegging utan VA er tillate 2) Sørside av fylkesvegen/i skogen: Ein glampingeining kan etablerast, tilpassa eksisterande og terreng/landskap utan behov for store terrenginngrep. Maks storleik 30 m2 og kun minimale terrenginngrep. Ikkje teknisk infrastruktur VVA

LSN4	24/1,3	Midtre Ramsfjell	Enkle overnattingseiningar	Eventuell utvikling av enkelt, naturbasert reiseliv skal vere forankra i at Midtre Ramsfjell primært er del av eit større regionalt viktig kulturmiljø, som òg har høg landskaps- og naturverdi. Eksisterande bygg i tunet kan nyttast som del av reislivskonseptet, forutsett at desse blir restaurert etter prinsipp om kulturmiljø-og bygningsvern (lokale handtverkstradisjonar) . I definert område rundt tunet kan det i tillegg etablerast 4 frittliggande naturtilpassa overnattingseiningar; maks 25 m2 pr stk, med minst mogleg fotavtrykk, og med omsyn ift kulturverdiane i området. I definert område ved sjøen kan det etablerast 2 overnattingseingar basert på plassering/grunnmurar eksisterande/eldre bygg i området, maks 25 m2 pr eining. Det tillatast enkel brygge utan steinfylling for tilkomst småbåt. For området totalt sett: det tillatast ikkje teknisk infrastruktur VVA Før tiltak i området kan utførast skal det: 1. utarbeidast ei risiko- og sårbarheitsanalyse, med eventuell skildring av avbøtande tiltak

				2. utarbeidast ein samla konseptplan for alle tiltak som viser korleis ein ivaretek/sikrar kulturmiljø, natur- og landskapsverdiar i området. Planen skal innehalde målsette teikningar av dei enkelte overnattingseiningane med snitt/situasjonsplan for plassering + parkeringsløysing v/ fylkesvegen. Planen skal avklarast med Rogaland fylkeskommune og godkjennast av kommunen.
LSN5	75/1	Fistervågen	Oppstillingsplass for bubilar og campingvogner, Inntil 10 plasser	Krav at arealet blir opparbeidd slik at det er lett å tilbakeføre til landbruk; t.d. kun planering av areal til oppstillingsplass. Det må leggjast til rette for offentleg rom og tilgang langs sjøen i forkant av oppstillingsplassane. Ikkje tillate bygningar innanfor arealet, men kan tilretteleggje for V/V/A. Ev servicebygg til området skal byggast innafor regulert område ved båthamna
LSN6	144/1 Stats-almenningen	Storsteinsheia Helvetesvatn vest	Ny turistforenings-hytte	Skal erstatte turisthytte Storstein i Bykle kommune Maks BYA 90 m2
LSN7	118/1 mfl	Grasdal	Ny turistforenings-hytte	Skal erstatte turisthytte Eidavatn og gammal turisthytte Grasdal. Maks BYA 90 m2
LNS8	41/1-3 mfl	Vormedal -heia	MelandsGrønahei turistforeningshytte	Landskapsvernområde, Verneforskrifter

LNS9	117/1	Årdalsheia	Stakken turistforeningshytte	
LSN 10	121/3	Årdalsheia	Nilsebu turistforeningshytte	
LNS 11	121/1-2	Viglesdalen	Viglesdalen turistforeningshytte	
LNS 12	116/1-2	Ved Øvre Tysdalsvatnet	Trodla Tysdal turisthytte, privat	Vormedalsheia landskapsvernområde, Verneforskrifter
LSN 13	144/1 Statsalmenningen	Hjelmelands-heia	Blåfjellhytta, Hjelmeland fjellstyre	
LSN 14	34/2-3, Statkraft	Hjelmelands-heia	Hawaii-hytta, Hjelmeland fjellstyre	
LSN 15	144/1 Statsalmenningen	Storsteins-heia	Beinleihytta, Hjelmeland fjellstyre	
LSN 16	144/1 Statsalmenningen	Storsteins-heia	Fossen, Hjelmeland fjellstyre	

6 Område for bruk og vern av sjø og vassdrag

6.1Ferdsel

Dei viktigaste sjøferdselområda er lagt som ferdselsområde i plankart, og hovud/bileder som samferdselslinjer

§ 50
Sjøarealet skal vere ope for allmenn sjøtrafikk. Tiltak, anlegg og installasjonar som kan hindre eller vesentleg avgrense trygg ferdsel, er ikkje tillate

Ferdsel	Retningslinjer
Hovudfarlei Ferjesambandet Hjelmeland – Nesvik – Ombo og Ølesundet	Desse areala skal haldast opne for fri ferdsel for rutegåande trafikk og transport. I tillegg til sjøtrafikk/farleier som er teikna inn på plankartet, vil omsynet til lyssektorar og sjømerke vere retningsgivande i forhold til vurdering av nye tiltak i sjøområda.
Bilei: Markert på plankartet. Bilei inn Årdalsfjorden går på sørsida av Langholmen.	

6.2 Småbåthamner

Framtidige småbåtanlegg er i plankartet lagt inn som "andre typer bebyggelse" og går fram av tabell i kap 2.12 med krav om reguleringsplan før utbygging.

6.3 Fiske

§51
I desse områda skal omsynet til tradisjonelt fiske prioriterast framfor anna arealbruk, og det tillatast ikkje tiltak som er til ulempe for fiskerinæringa i områda som framgår av tabell under

Oversikt over fiskeområde med retningslinjer

K/L=kaste-og låssettingsplass S= sitjenot

NR	STAD	FJORD	BRUK	RETNINGSLINJE
FI1	Oksajuvet	Jøsenfjorden	K/L	
FI2	Indre Eiane	Jøsenfjorden	K/L	Båttrafikk til småbåthamna skal styrast unna K/L
FI3	Tåskor	Jøsenfjorden	K/L	

FI4	Kjeura	Tøtlandsvik	K/L	Ved kaste-og låssetting skal ein ta omsyn til ankring til oppdrettsanlegg.
FI5	Ullsvika	Jøsenfjorden	K/L	
FI6	Hagalidstranda	Jøsenfjorden	K/Log S	
FI7	Sæbølia	Jøsenfjorden	K/L og S	
FI8	Ytre Bastliskjær	Jøsenfjorden	K/L	Ved kaste-og låssetting skal ein ta omsyn til ankring til oppdrettsanlegg.
FI9	Sandvik	Erfjord	K/L	
FI10	Eiavågen	Erfjord	K/L	
FI11	Stampen	Erfjord	K/L	
FI12	Morkja	Erfjord	K/L og S	
FI13	Ørevika	Erfjord	K/L	
FI14	Øygarden	Ombofjorden	K/L	
FI15	Knutsvik	Ombofjorden	K/L	
FI16	Nordstø/Randa	Gardsund	K/L	
FI17	Breivik	Gardsund	K/L	
FI18	Øyehamn	Gardsund	K/L	Båttrafikk til småbåthamna skal styrast unna K/L
FI19	Pundsnes sør	Hjelmeland	K/L og S	
FI20	Essvika	Hjelmeland	K/L	
FI21	Dalevika	Fisterfjorden	K/L	
FI22	Søre Hovdavågen	Fisterfjorden	K/L	
FI23	Tønnevika	Fisterfjorden	K/L	
FI24	Nessavika	Årdalsfjorden	K/L	Båttrafikk til småbåthamna skal styrast unna K/L
FI25	Nessavika	Årdalsfjorden	K/L	
FI26	Steinsvika	Årdalsfjorden	K/L	
FI27	Ombofjorden	Ombofjorden		Oppvekstområde sei
FI28	Garsund	Garsund		Trålefelt reke
FI29	Fisterfjorden	Fisterfjorden		Trålefelt reke

6.4 Akvakultur

§ 52 Akvakultur

Innanfor formål akvakultur skal havbruksrelatert næring har prioritet, herunder fiskeoppdrett, havbeite og/eller produksjon av akvatiske organismer jf. akvakulturloven.

For etablering av nye anlegg innanfor framtidig akvakulturformål er det krav om utarbeiding av KU til konsesjonssøknad etter akvakulturlova.

Oversikt over akvakulturområde med retningslinjer:

Nr	Lokalitet, vassførekomst	Retnings-linje art	Konsesjon	Retningslinje
A1	Kjeura, Jøsenfjorden	Kveite	Ja	Vidareføre med moglegheit for utviding
A2	Vindsvik, Jøsenfjorden	Laks	Ja	Vidareføre med moglegheit for utviding
A3	Bastbergvika, Jøsenfjorden	-	Nei	Vidareføre området utan artspesifisering. Retningslinje om lågintensiv akvakultur.
A4	Bastlid, Jøsenfjorden	Laks	Ja	Eksisterande – ingen endring
A5	Fosså, Hjelmelands-fjorden	Laks	Ja	Heile området leggjast som eksisterande
A6	Eidavågen, Erfjorden	-	Nei	Vidareføre området utan artspesifisering. Retningslinje om lågintensiv akvakultur.
A7	Gravstøskjer, Gardsundet		Nei	Framtidig, Ikkje artspesifisert potensiale for andre marine artar.
A8	Breivika, Gardsundet	Laks	Nei	Vidareføre med utviding jf. dispensasjon
A9	Vassvik, Hjelmeland	Kveite	Ja	Vidareføre med utviding av fortøyningsområdet jf. gitt konsesjon
A10	Sigmundstad, Fisterfjorden	Kveite	Ja	Vidareføre med utviding av fortøyingsområdet jf. gitt konsesjon.
A11	Helgøy, Fisterfjorden	Kveite	Nei	Nytt. Retningslinje om NiN-kartlegging, og ei konsekvensutgreiing særleg med omsyn til bumiljø og friluftsliv.
A12	Nessa, Årdalsfjorden-indre		Nei	Vidareføre området utan artsspesifisering. Retningslinje om lågintensiv akvakultur.

A13	Liarneset, Årdalsfjorden-indre	-	Nei	Vidareføre området utan artsspesifisering. Retningslinje om lågintensiv akvakultur.
A14	Viganeset, Hjelmelands-fjorden	-	Nei	Inngår i reguleringsplan R169. Ikkje produksjonsareal, men som ev ventemerdar ifm slakteri
A15	Hundaneset, Erfjord	Laks	Ja	Inngår i planen jf. gitt konsesjon.
A16	Hundsnes, Hjelmeland	-	-	Ventemerdar

Forklaring: Med lågintensitets akvakultur meiner ein her oppdrett av artar der ein ikkje tilset fôr, eller der avfallsstoff blir samla opp.

6.4 Kombinert formål i sjø

§ 53 Kombinert formål i sjø FFA – Ferdsel, fiske og akvakultur

Innanfor kombinert formål i sjø t.d. FFA ferdsel, fiske, akvakultur er ikkje oppdrettsanlegg i sjøoverflata tillatt. Førtøyningsanlegg under sjøoverflata til akvakulturanlegg kan tillatast på vilkår av:

1) at førtøyningsplan blir vurdert opp mot dei andre interessene innanfor området
2) at ein sikrar fri ferdsel for småbåt på innside langsmed land og
3) at sektormyndigheitene gir løyve

6.5 Drikkevatn

Valavatn	Børkjaheia
Litlavatn	Fister

6.6 Natur- og friluftsområde i sjø/vassdrag

Sjøområdet sør for Randøy – rundt Børøy og Søre Børøyholmen - båtutfartsområde

7 Omsynssoner

7.1 Sikringsoner

§ 54 Sikringssoner drikkevatn

Det tillatast ikkje tiltak, anleggsverksemd eller aktivitet som kan medføre fare for forureining eller anna negativ påvirkning av drikkevannskilden . Dette gjeld:
BO20 Valavatnet i Børkjaheia
BO21 Litlavatnet, Fister
BO22 Regnavatn på grensa til Strand

7.2 Støysoner

Ikkje lagt inn i planen

7.3 Faresoner

§ 55 Omsynssone flaum, steinsprang, snøras, jord- og flaumskred.
I område som er vist som omsynssone fare er det krav om utgreiing av faren i samband med utarbeiding av reguleringsplanar og ved søknad om byggje- og anleggstiltak.

Krav om dokumentasjon gjeld òg tema kvikkleire jf aktsemdkart NVE.

Det er forbod mot utbygging i omsynssonene før det er dokumentert tilstrekkeleg tryggleik.

TEK17, § 7-2 og 7.3 skal leggjast til grunn for tryggleiksnivå.

§ 56 Omsynssone fare – høgspent
Bygge og anleggstiltak innanfor omsynssona skal avklarast med nettleidningseigar

7.4 Sone med særleg krav til infrastruktur

Framtidige RV13 - trasèar

§ 57 Omsynssone infrastruktur - framtidig RV13

Vanleg landbruksdrift er tillate i området, men tiltak/arealbruk som medfører vanskar for framtidig riksveg-framføring er ikkje tillate. Strekningane skal inngå i ein overordna, heilskapleg kommunedelplan. Der traseane går i opent terreng skal omsynet til landskap, kulturminne, busetnad og landbruksdrift vurderast nøye i planprosessen

RV13- Strekning	Retningslinje
Riskedal – Flathetland – Mjølhus	Dels tunnel, dels open trasè
Ytre Eiane – Kilane	Tunnel med kopling/endepunkt i Suldal kommune

7.5Sone med særskilde omsyn

7.5.1 Mineralressurser

§ 58 Omsynssone mineralressurs – Knutsvikheia

I området skal det ta særskild omsyn til kartlagd viktig mineralressurs.
Vanleg landbruksdrift herunder landbruksrelaterte bygningar/vegar er tillate i området, men tiltak og arealbruk som kan medføre at mineralressursen blir vesentleg svekka eller vanskelegare å utnytte i framtida er ikkje tillate

	Lokalisering Ressursområde NGU	**Ressurstype og betydning, NGU**	**Retningslinje**
H590_1	Knutsvikheia Jøsneset	Pukkområde Nasjonal betydning	Omsynssona inneber ikkje at framtidig uttak er godkjent. Etablering av uttak krev avklaring gjennom kommuneplan og evt påfølgjande reguleringsplan
H590_2	Riveland Årdal	Grusområde Liten betydning	
H590_3	Moen (Litlemoen) Jøsenfjorden	Grusområde Lokal betydning	

7.5.2 Friluftsliv

§ 59
I desse områda skal omsynet til friluftsliv og rekreasjon ivaretakast, og tiltak som forringar friluftsinteressene skal i utgangspunktet ikkje tillatast

Nr	Stad	Føremål
F1	Bjødnabu	Skiløype/turområde
F2	Nedre Tysdalsvatnet	Badeplass/turområde
F3	Søre Kvaløy, Randøy	Båtutfart

F4	Børøyholmen, Randøy	Båtutfart
F5	Søre Børøyholmen, Børøy	Friluftslivsområde
F6	Svansholmen	Båtutfart
F7	Langholmen, Nordskår	Båtutfart
F8	Åkerholmen, Nordskår	Båtutfart
F9	Storholmen, Nordskår	Båtutfart
F10	Longehølen, Jøsenfjorden	Badeplass i elva Ulla
F11	Longemo, Jøsenfjorden	Badeplass i elva Ulla
F12	Skiftunstranda, Jøsneset	Badestrand
F13	Surdal, Randøy	Badeplass, eksisterande stiadkomst kan nyttast. Tilrettelegging av parkering ved fylkesveg.
F14	Sandnes, Hetlandsvatnet	Badeplass
F15	Staurland, Hetlandsvatnet	Badeplass

7.5.3 Grøntstruktur

Gjeld Storåná frå Nes til sjøen i Årdal, samt side-elva Bjørg.

Retningslinjer:

Ein skal ta omsyn til natur-, rekreasjons- og landskapskvalitetar ved forvaltning av desse områda.

7.5.4 Bevaring naturmiljø

§ 60
Innanfor omsynssonene skal det takast særskild omsyn til dei registrerte naturverdiane.
For naturtypar der Direktoratet for miljøforvaltning har tilrådingar om forvaltning og skjøtsel skal desse gjelde som retningslinje.

Vanleg landbruksdrift på fulldyrka jord er tillate.

Nummer	Område	Kjelde/ NaturbaseID	Hovudverdi
N1	Østerhus	BN00044570	Skjeggknoppurt
N2	Hjelmen	BN00080448 BN00080449 BN00086552	Gammel boreal lauvskog Rik sump- og kildeskog Gammel fattig edellauvskog
N3	Gåsavatn – Steinslandsvatn	Limnologene Rapport 004	Elvemusling Det skal takast særskild omsyn til elvemusling i og langs omsynssona. Kantvegetasjon

			bør etablerast/bevarast for å hindre avrenning. Tiltak jf *Rapporten Elvemusling i Hjelmelandsvassdraget. Limnologene Rapport 004* kan gjennomførast innanfor sona
N4	Ryfylkeheiane	Heiplanen	Villrein. Retningslinjene i Heiplanen -Regionalplan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei - skal leggast til grunn ved vurdering av tiltak innanfor sona. Det skal leggast spesiell vekt på å unngå verksemd, aktivitet og forstyrring i vinter beiteområde, kalvingsområder og viktige trekkområder samt fokusområda i dei aktuelle årstider/periodar. Det skal heller ikkje tillatast byggeverksemd som forringer villreinen sine moglegheiter for bruk av disse områda.
N5	Riskedalsvatnet	BN00080477 BN00080475 BN00080479 Fleire NIN områder	Gammel boreal lauvskog Hagemark Haustingsskog
N6	Riskedalsvatnet og Mælånå	BN00080465	Hagemark
N7	Trodlatysdal	BN00080456 BN00080457 + raudlisteregistreringar	Naturbeitemark
N8	Ramslia	BN00044568	Høstingsskog
N9	Bjødnabu – Byrkjaheia mm	Fleire	Kystlynghei og sørlig nedbørsmyr
N10	Årdal gamle kyrkje	BN00080463	Parklandskap
N11	Hårsteinen	BM00102391	Større tareskogforekomster
N12	Ågerholmen	NINFP2110018298	Kystlynghei
N13	Gudlåsen Vest 1	NINFP1810016294	Open myrflate
N14	Sandangsvågen vest 2	NINFP1810016295	Beiteskog
N15	Stemmemyra, Randøy	NINFP1810015618	Flommyr, myrkant og myrskogsmark
N16	Kobbersteinen, Randøy	NINFP1810015650	Eng-aktig sterkt endret fastmark
N17	Grunnavigholmen	BM00102494	Større tareskogforekomster

N18	Askvikholmen		Sjøfugl I desse områda skal omsyn til sjøfugl ha prioritet, og aktivitet som kan forstyrre hekking skal unngåast.
N19	Prestholmen		Sjøfugl I desse områda skal omsyn til sjøfugl ha prioritet, og aktivitet som kan forstyrre hekking skal unngåast.
N20	Kue		Sjøfugl I desse områda skal omsyn til sjøfugl ha prioritet, og aktivitet som kan forstyrre hekking skal unngåast.
N21	Askvik	BN00044995	Skjeggknoppurt
N22	Jøsenfjorden	Fiskeridirektoratet	Gyteområde torsk og hyse Områda er kartlagd som viktige gyteområde for torsk og hyse. I desse områda må det takast omsyn til gyteaktivitet, som normalt førekjem i perioden februar/mars til juni.
N23	Moldfadle	Fiskeridirektoratet	Gyteområde torsk og hyse Ålegras Områda er kartlagd som viktige gyteområde for torsk og hyse. I desse områda må det takast omsyn til gyteaktivitet, som normalt førekjem i perioden februar/mars til juni.
N24	Svansholmen – Herøya	Fiskeridirektoratet	Gyteområde torsk og hyse Områda er kartlagd som viktige gyteområde for torsk og hyse. I desse områda må det takast omsyn til gyteaktivitet, som normalt førekjem i perioden februar/mars til juni.

7.5.5 Bevaring kulturmiljø

Viktige kulturmiljø-område

	Stad	Tema/bevaringsverdi
K1	Hjelmelandsvågen/Nordbygda	Nasjonalt viktig - Riksantikvaren Trehusmiljø
K2	Nes-Viglesdalen-Nilsbu	Nasjonalt viktig - Riksantikvaren
K3	Vigatunet	Nasjonalt viktig – Riksantikvaren. Busetnadspor, gravminne, bygdeborg, Vigatunet museumsområde
K4	Ramsfjell	Regionalt viktig, Kulturlandskap, bygningsmiljø jordbruks og busetjingshisotorie
K5	Tøtlandsvik	Regionalt viktig, eldre naustmiljø og nausttufter

Retningslinje:
Områda skal forvaltast i tråd med føringar får Regionalplan for kulturmiljø, og bygge-og anleggstiltak i sonene skal avklarast med Rogaland fylkeskommune.

Nyare kulturminne:

Nyare kulturminne er kulturminne frå etter 1537. Kulturminne frå perioden 1537 til 1650 er fredet etter lov om kulturminne. For nyare kulturminne krevst særskilt vedtak eller regulering.

Nr	Stad, bygd	Gnr/ Bnr	Type bygg/anlegg
K7	Hauskje/Mjølhus	69/1	steinbru/Hausken bru, 1905
K8	Årdal v/RV13	100/3	steinbru/Mæle bru, CA 1895
K9	Fister		Fister kyrkje
K10	Årdal		Ny kyrkje
K11	Hetlelid, Årdal	139/8	gardshus
K12	Driftland, Årdal	136/1 mfl	gardshus
K13	Høiland, Årdal		Dalen skulehus
K14	Hjelmeland		Heradsstova,
K15	Fister		Støle Bru,
K16	Måland, Årdal		Skulehus
K17	Randa, Randøy		Bedehus,
K18	Randa, Randøy		Husmannsplass,
K19	Sande gardstun Hjelmeland		Bevaringsverdig gardstun, ligg som spesialområde bevaring I gjelande reguleringsplan R47, og skal vidareførast slik i ny reguleringsplan
K20	Prestavegen, Årdal		Nordside av Riskedalsvatnet
K21	Haugen, Fundingsland	37/1	Husmannsplass

Retningslinjer

Innanfor områda avmerka som omsynssone kulturminneområde skal nye tiltak særskilt tilpassast dei kulturhistoriske verdiane i området. Større tiltak og naturinngrep skal ikkje tillatast innanfor desse områda.

Ordinær gardsdrift kan halde fram i områda. Større tiltak ut over ordinær gardsdrift krev reguleringsplan. Ved byggetiltak nær dei opplista bygga/anlegga skal kulturseksjonen i Rogaland Fylkeskommune høyrast.

SEFRAK - Klasse A

SEFRAK er eit eige register over faste kulturminne frå før 1900. SEFRAK klasse A, B og C - bygg går ikkje fram av plankartet, men visast via Matrikkel og TemakartRogaland.

Klasse A er bygningar som i klassifiseringa er vurdert som bygg med fredningspotensiale.

Retningslinjer

Tiltak eller planar som gjeld SEFRAK A, B- og C-objekt skal handsamast på vanleg måte etter plan- og bygningslova.

Tiltak som gjeld A og B objekt skal på høyring til regionale kulturmyndigheiter, jf. kulturminnelova § 25. Det same gjeld C-objekt som ligg i eit samla kulturmiljø med fleire SEFRAK-objekt.

Alle tiltak i sjø og vassdrag skal avklarast med kulturminnemynde jf. §§ 9 og 14. Viser elles til kulturminnelova § 25.

7.6Sone for bandlegging

7.6.1 Bandlagt etter naturmangfaldlova

Nr	Stad	Føremål	Forskrift jf lovdata
BO1	Vormedalsheia	Landskapsvern-område	Forskrift om vern av Vormedalsheia landskapsvernområde, Hjelmeland. Forvaltningsplan jf. kap 5.2 Vernemyndighet: Verneområdestyret for Setesdal-Vesthei- Ryfylkeheiane (SVR)
BO2	Lusaheia	Landskapsvern-område	Forskrift om vern av Lusaheia landskapsvernområde, Hjelmeland. Forvaltningsplan jf. kap 5.2 Vernemyndighet: Verneområdestyret for Setesdal-Vesthei- Ryfylkeheiane (SVR)
BO3	Øyastølsmyra, Vormedalsheia	Naturreservat	Forskrift om freding for Øyastøl naturreservat, Hjelmeland kommune Vernemyndighet: Verneområdestyret for Setesdal-Vesthei- Ryfylkeheiane (SVR)
BO4	Nordstølhei, Vormedalen	Naturreservat	Forskrift om freding av Nordstølhei som naturreservat, Hjelmeland Vernemyndighet: Verneområdestyret for Setesdal-Vesthei- Ryfylkeheiane (SVR)
BO5	Longavatnet, Tysdal	Naturreservat	Forskrift om freding av Longavatnet som naturreservat, Hjelmeland Vernemyndighet: Statsforvaltaren i Rogaland
BO6	Målandsdalen, Årdal	Naturreservat	Forskrift om fredning for Målandsdalen naturreservat, Hjelmeland Vernemyndighet: Statsforvaltaren i Rogaland
BO7	Fisterfjell, Fister	Naturreservat	Forskrift om fredning for Fisterfjell naturreservat, Hjelmeland Vernemyndighet: Statsforvaltaren i Rogaland
BO8	Moldfallet	Naturreservat	Forskrift om freding for Moldfall naturreservat, Hjelmeland Vernemyndighet: Statsforvaltaren i Rogaland
BO9	Kåda, Randøy	Naturreservat	Forskrift om freding av Kåda som naturreservat, Hjelmeland Vernemyndighet: Statsforvaltaren i Rogaland

Retningslinjer

Desse områda skal forvaltast i tråd med forskrift til de enkelte områda.

Spesielt for B01-BO4, sjå http://www.nasjonalparkstyre.no/svr/Tiltak-og-prosjekt/Saksgang-og-innhald-i-byggesoknader/

7.6.2 Bandlagd etter kulturminnelova

Alle eldre kulturminne er automatisk freda jf. kulturminnelova. Følgjande fornminne ligg som bandlagt i plankart og skal ha særleg fokus:

Nr	Stad	Id-Askeladden	Beskriving
BO10	Soppaland, Årdal	14777	Gravfelt frå jernalder
BO11	Kyrkjhus, Årdal	89578	Årdal gml kyrkje og middelalderske kyrkjegard
BO12	Hortane/Mele, Årdal	4950	Gravfelt og to nausttufter frå jernalder
BO13	Midtre Fister	65660	Gravfelt frå jernalder
BO14	Midtre Fister	72179	Gravfelt frå jernalder
BO15	Nedre Fister	24119 og 84142	Middelalderkyrkjegard og to gravrøyser frå jernalder
BO16	Riskadal	72182	Gardsanlegg frå jernalder
BO17	Byrkja	44455	Gardsanlegg frå jernalder
BO18	Mjølhus	72175	Bygdeborg frå jernalder og ei gravrøys som kan vere frå bronsealder
BO19	Riskedal-Ingvaldstad	34425	Veganlegg - Prestavegen

Komplett oversikt over alle registrerte kulturminne ligg i Temakart Rogaland- kulturminne og i Riksantikvaren sitt register – Askeladden

7.6.3 Bandlagd etter anna lovverk

Verna vassdrag i Hjelmeland:

Vassdrag	Stad
Vorma	Sør for Jøsenfjorden med utløp ved Tøtlandsvik. Storleik: 118kvm
Norddalsåna	Ligg i Hjelmeland og Suldal - mellom Erfjord og Jøsenfjorden, med utløp ved Erfjorden. Storleik 22kvm.

1. Vassdraga **Vorma** og **Norddalsåna** er verna gjennom verneplan for vassdrag og omfatta av rikspolitiske retningslinjer (RPR) for forvaltning av verna vassdrag. RPR vert lagt til grunn for arealdisponeringa i desse to vassdraga, og for det skjønn som skal utøvast etter plan og bygningslova og andre lovar og føresegner.

1a. For den delen av Vorma som ligg i den bebygde delen av Vormedalen og området nede ved Tøtlandsvik gjeld RPR klasse 2. Innanfor klasse 2 gjeld det å ta vare på hovudtrekka i landskapet. Inngrep som endrar tilhøva i kantvegetasjonen langs vasstrengen og dei områda som blir oppfatta som ein del av vassdragsnaturen, bør unngåast. Inngrep som einskildvis eller i sum medfører ei viss endring i sjølve vasstrengen bør unngåast. Leveområde for trua plante- og dyreartar og mindre område med store verneverdiar bør få særleg vern.

1b. For Norddalsåna og den resterande delen av Vorma gjeld RPR klasse 3. Innanfor klasse 3 er det svært viktig å ta vare på naturen sitt preg av å vere lite påverka av moderne menneskeleg aktivitet. Alle former for omdisponering av areal i vassdragsbeltet bør unngåast. Vasskvalitet og naturleg

vassføring må haldast oppe så langt råd er, og ein må freiste å unngå alle former for inngrep som reduserer verdien av vassdraget.

7.7Sone felles planlegging – Gjennomføringssone

PÅSKRIFT	KRAV OM FELLES PLAN FOR	RETNINGSLINJER FOR FELLES PLAN
G1	Gangveg langs sjøen på strekket Sande-Solvang, Hjelmeland sentrum inkl tverrforbindingar mot FV Detaljreguleringsplan	For alt areal som inngår i gjennomføringssone felles plan skal det utarbeidast detaljreguleringsplan jf. pbl 12-3. Hovudformålet med planen er å sikre gangveg på strekningen, jf. retningslinjer i kap 4.2.1 Hovudturveg. Turvegen skal vere 2-3 m brei, universelt utforma, men skal stadtilpassast særskilt langs berget rundt Nøkling. Det skal tilretteleggast aktive/attraktive opne møte/opphaldsplassar med høg arkitektonisk kvalitet langsmed gangvegen; fortrinnsvis i møtepunkta ved tverrforbindelsane mot fylkesvegen, eller som utsiktspunkt utanfor Nøkling. Det skal sikrast skjermingstiltak mot private hagar/bustader i reguleringsplanen. Det skal leggjast til rette for skilting, merking og naudsynt tilrettelegging for trygg ferdsel for gåande. I reguleringsplanen skal ein òg vurdere moglegheit for etablering av naust og brygger for eigedommar langsmed sjøen, samt moglegheiter for vidareutvikling av reiselivsrelaterte bygg i Nøklingområdet. Bustadeigedommen 62/4 skal òg inngå i planområdet, og skal vidareførast med bustadformål med moglegheit for fortetting av eitt nytt hus jf. vilkåra som framgår av føresegner i reguleringsplan R44, samt sikre kopling mellom gangveg langs sjøen og fylkesvegen. Krav om ROS-anayalyse ved regulering, herunder vurdering av fare for stormflo/havnivåstigning
G2	Sande reiselivsområde RL6 + grønstruktur og friområde Detaljreguleringsplan	For alt areal som inngår i gjennomføringssone felles plan skal det utarbeidast detaljreguleringsplan jf. pbl 12-3. Hovudformålet med planen er reiseliv; camping/telt-og bubilplass, med nokre faste overnattingsbygg og servicebygg og evt aktivitetspark.

		Det er bevaringsverdige bygg og store/flotte trær/parkmessig preg som skal sikarast i plan. Landskaps-og grøntverdiane i området skal gjenspeglast i reislivsstrategien; dvs reiseliv på naturens premisser. Krav om regulering av gangvegdrag gjennom Sandedalen med kopling til R115 Hjelmeland barnehage og idrettsområdet, samt kopling ift tursti Sandsåsen. I planen skal ein vurdere moglegheit for etablering av rulleskiløype; ev kombinert/samordna med gangvegvegdrag mellom Sande og skule/idrettsanlegget Tilkomst frå RV13 samt trafikktrygg kryssing må regulerast.
G3	Nessa Detaljreguleringsplan	Gnr 142/ 11 mfl langs sjøen , Småbåthamn/Naustområde
G4	Melevegen Bustadfelt (tidl Omsorgsenter mm)	Gjeld kommunalt areal (Årdal omsorgsenter og kommunale bustader) + to eksisterande bustadtomter 102/14 og 103/11. Området skal regulerast til bustadformål med krav om felles plan og tett utnytting. Ein skal leggje til rette for utbygging som fremjar sosiale buformer, t.d. med fellesareal ute og inne. Det skal leggjast vekt på tilgjengelegheit og universell utforming. Eksisterande bustadtomter kan fortettast med fleire bueiningar.
G6	Soppeland masseuttak Detaljreguleringsplan	Råstoffutvinning Krav om felles plan for fleire gnr/bnr på Soppeland for framtidig sand/grusuttak. Planen skal sikre elvesoner og g/s-veg langsmed RV 13
G7	Viganeset industriområde Områdeplan	Planen skal omfatte tidlegare regulert areal + utvidingsområde industri + randsoner/strandsone og delar av sjøareal t.d. regulert akvakulturområde i aust Planen skal sikre betre utnytting av området (fortetting av eksisterande), og utbyggingsrekkefølgje om at område som i dag ikkje er nytta til landbruksproduksjon skal utnyttast før nedbygging av dyrka mark og rekkefølgjekrav ift teknisk infrastruktur Strandlinja i vest og Essvika i aust skal haldast fri, og det skal tas omsyn til fiskeområdet Essvika, kulturminne, avslutta avfallsdeponi.
G8	Fosså industriområde	Krav om felles plan for to delområde, inkludert vassdraget mellom
G9	Melslia bustadfelt	Krav om detaljregulering som samordnar med eventuell ny tilkomstveg til eksisterande bustadfelt Melslia, inkludert ny

		avkjørsel mot RV13. Dvs reguleringsplanområdet må omfatte meir enn det framtidige bustadformålet.
G10	Barnevik industriområde	Krav om felles reguleringsplan med regulert areal i R56
G11	Sande forretningsområde	Felles plan for eksisterande og framtidig utvidingsområde Tilkomst og parkering via eksisterande anlegg. Arealeffektiv parkeringsstrategi; gjennom vidare planlegging skal ein vurdere parkering som integrert del av bygg.
G12	Puntsnes kombinerte formål	Sjå KBA1 i kap 2.14 over.

7.8 Sone gjeldande reguleringsplanar

Liste over reguleringsplanar som framleis skal gjelde.
Planvask: reguleringsplanar som er foreslått oppheva er markert

PLAN ID	Gnr/bnr	Plannamn/stad/ vedtaksår/tiltak	Byggegrense frå sjø + forholdet til kommuneplanen
R1	RV13	Askvik-Pundsnes, 03	
R2	FV650	Sambindingsveg Randøy,04	
R164	Fylkesveg	Viganeset-Kleppakrysset,16, g/s/v	Byggegrense framgår av Kplan/Rplan
~~R3~~	~~1/1~~	~~Dalen, Randøy,1996 hytter~~	Foreslått oppheva - Planvask
R185	1/4	Hetlevik	
R140	1/6mfl	Askevika, Randøy, 2013, hytter	Byggegrense framgår av Kplan/Rplan
~~R4~~	~~1/7~~	~~Ølesund, Randøy, 1991, hytter~~	Foreslått oppheva - Planvask Byggegrense kplan
~~R147~~	~~1/9~~	~~Gullbergvika Ølesund, 15, bustader~~	Foreslått oppheva - Planvask
~~R114~~	~~1/11~~	~~Øye, Randøy, 2007, bustader~~	Foreslått oppheva - Planvask
R5	1/12,13	Padl og Breiabø Randøy, 2009, div	Byggegrense framgår av Kplan/Rplan
R191	1/13	Randøy feriepark	
R161	1/28	Kobbasteinen hyttefelt, 2015, hytter	Byggegrense framgår av Kplan/Rplan
R146	3/1	Bjørkåsen, Breivik, Randøy,2014, hytter	
R178	3/1,3	Breivik hyttefelt	

R177	3/3 og 91/1	Randøy stein	
~~R8~~	~~3/3~~	~~Breivik, Randøy, 2003, bustader~~	Foreslått oppheva – Planvask Byggegrense i kplan
202501	12/1	Øygarden 1	Ny plan som erstatter gml R18
R19	12/1-4	Øygarden2 , Jøsneset, 99 hytter	
R20	12/2,3	Øygarden, Jøsneset, 2001, hytter	Byggegrenser framgår av Kplan Kplan overstyrer
~~R21~~	~~13/1~~	~~Knutsvik, Jøsneset, 97 hytter~~	Foreslått oppheva - planvask
R112	13/2	Knutsvik, Jøsneset, 2007, hytter/båthamn	Byggegrense kplan/regplan
R22	13/4	Søre Knutsvik, Jøsneset, 2001, turistanlegg	Byggegrense framgår av Kplan
~~R23~~	~~14/9~~	~~Jøsneset skule, 82~~	Foreslått oppheva - planvask
~~R24~~	~~18/5 21/1~~	~~Ytre Eiane, Jøsneset, 1984, Hytter~~	Foreslått oppheva – planvask Byggegrense i kplan
~~R25~~	~~19/3~~	~~Nesvik, Jøsneset,1998 båthamn mm~~	Foreslått oppheva – planvask Byggegrense i kplan
R171	19/20,21	Nesvik Ferjekai RV13,2018, ferjekai	
202601	19/30	Nesvik bustadfelt	
~~R133~~	~~22/1~~	~~Bastbergneset, RV13, 2011, utsiktspunkt~~	Foreslått oppheva – planvask
R26	22/2	Sandvik, Eiane,2002, hytter	Byggegrense framgår av Kplan
R27	27/1	Østerhusvika, Jøsenfjorden, 1997, havn	Byggegrense framgår av Kplan
~~R126~~	~~28/1,6~~	~~Melandsmo/Vadla, Jøsenfj, 2009, hytter~~	Foreslått oppheva – planvask Byggegrense framgår av Kplan
R124	28/1	Vadla/Østerhus /Lundanes, 2009 masseuttak/industri	Byggegrense framgår av Kplan
R28	28/6	Mælandsmoen bustadfelt Jøsenfjorden, 01, bustad	
R29	32/24	Haugevika, Jøsenfjorden,1998, båthamn,	Byggegrense framgår av kplan
R122	32/29	Haugevika, Jøsenfjorden, 2008 hytter	Byggegrense framgår av Kplan
R121	32/3	Skorpemyr-Haugevika,Jøsenfjorden,2008, hytter/hamn	Byggegrense framgår av Kplan
R123	39/2,3	Giskelid, Vormedal, 08, hytter	

~~R30~~	~~39/4,5,6~~	~~Litlevik, Fundingsland, 05, hytter~~	Foreslått oppheva - planvask
~~R31~~	~~35/1~~	~~Tøtlandsvika, Vormedalen,1998, båthamn~~	Foreslått oppheva – planvask Byggegrense framgår av kplan
R32	35/1	Tøtlandsvik Industri, 2017, industri	Byggegrense framgår av Kplan/Regplan
R33	46/1,2,3	Breilandsvatnet aust, 07, hytter	
R34	47/2	Breilandsvatnet vest, 99, hytter	
~~R128~~	~~47/4~~	~~Storaneset, 09, hytter~~	Foreslått oppheva - planvask
~~R35~~	~~52/1~~	~~Bjødnabu, 02,hytter~~	Foreslått oppheva - planvask
~~R36~~	~~53/1~~	~~Gåsavatnet, 98, hytter~~	Foreslått oppheva - planvask
R37	58 mfl	Burmavegen, 2004	I hovudsak gjeld R37 planen for vegen.
R179	58/9 mfl	Områdeplan Hjelmeland sentrum, 23	
R38	58/	Åno Svarteberget,1991	Nordlege del av planen bustadfelt: gjeld vidare Byggegrenser framgår av kommuneplan
~~R153~~	~~58/1,2~~	~~Områdeplan Sæbø-Flåtene, 2016~~	Foreslått oppheva - Planvask
~~R136~~	~~58/29,30~~	~~Hjelmeland Panorama,2012~~	Foreslått oppheva - Planvask
R39	58/82	Nordbygda, Hjelmeland,1996	Byggegrenser framgår av kommuneplan
R40	59/	Hotell Velvære, Hjelmeland 2000 + småbåthamn 2005	
R166	59/5,15	Solvang bustader,2017	
R41	59/	Prestegarden I 1977	Delområdet i sørvest ligg innanfor område som er rasutsett med råd om vidare analyse før ev meir utbygging. Området er ferdig utbygd med bustader. For denne del er det krav om ny reguleringsplan og nærare utgreiing før ev fortetting av fleire bueiningar.
R42	59/	Endring av Prestegarden I Bustad	
R43	59/	Prestegarden II, Hjelmeland,1979 Bustader	Reguleringsplanen gjeld vidare, Delområdet i sør skal planvaskast ut
R44	59/	Elveosen-Nøkling,1991 Bustader Strandsone	Bustadformål innanfor delområda i vest og aust blir vidareført: Fortetting innanfor desse to delområde er ønskjeleg men må skje gjennom reguleringsendring. For 62/4: fortetting med eitt hus jf føring for Gjennomføringssone og føresegn i R44. Strandsona blir i begge delområde overstyrt av kommuneplanen: I vest er strandsona framtidig grøntstruktur/turveg med krav om samla

			reguleringsplan for større område jf retningslinjen for G1 i kap I aust er strandsona endra til turdrag. Evt avgrensa naustbygging i definert spesialområde i R44 skal skje gjennom reguleringsendring.
R181	59/47	Klokkarbakken gangveg	
R145	60/1mfl	Hamrane, Tuntland, 2014 Bustader	
R115	61/2 62/1	Hjelmeland Barnehage, 2007	
R127	61/2	Røgjelstad Idrettsanlegg, 2009	
R45	62/	Breidablikk 1998 Bustader , idrettshall	
R144	62/8	Breidablikk Tennistomta 2013, Bustader	
R46	62/	Nøkling – Sande, 1992 Reiseliv, bustad Bustader 62/7,19 Bustad 62/4	Den del av reguleringsplan R46 som ligg som reiseliv/bustadformål i kommuneplanen gjeld vidare , med **unntak**: strandsone/G2 grøntstruktur/turveg : der er det krav om ny felles reguleringsplan før ev vidare utvikling/utbygging, sjå retningslinje for G1 Den delen av R46 som blir lagt ut som forretningsformål F1 blir overstyrt av kommuneplanen, med krav om ny regulering før utbygging av forretning. Sjå R44 og føring for ny reguleringsplan G2
R47	62/	Sande, 1999 Forretning/Friområde mm Herberg/servering/ friområde	Den del av R47 som ligg på nordsida av RV13 + bustadtomt på sørsida gjeld vidare. Kommuneplanen overstyrer R47 på den del som gjeld utviding av eksisterande bubilcamping, reiseliv RL7 Den del av R47 som ligg på sørside av RV13 er foreslått oppheva med krav om felles plan for eit større område
R170	62/20 mfl	Sande Ferjekai, RV13, 2018	
R48	63/2	Pundsnes, 2004	Byggegrense framgår av Kplan
R182	63/77	Puntsnes forretningsområde, 23	
~~R49~~	~~65/~~	~~Askvik Hundsnes I, 14, bustad~~	Foreslått oppheva - planvask
R51	65/mfl	Hundsnes industri, 04	Byggegrense framgår av Kplan
R167	65/3	Hundsnes småbåthamn, 16	Byggegrense framgår av kplan

~~R52~~	~~65/2~~	~~Askvikholmen, 1995~~	Foreslått oppheva – planvask Byggegrense framgår av Kplan
R53	70/5	Moldfallet, 13, hytter	Byggegrense framgår av Kplan og Rplan
~~R54~~	~~71/~~	~~Viganeset industriområde,1998~~	Foreslått oppheva – planvask Inngår i krav om ny felles områdeplan – gjennomføringssone G7
~~R55~~	~~71/~~	~~Viganeset Nord 1, 2002, industri~~	Foreslått oppheva – planvask Inngår i krav om ny felles områdeplan – gjennomføringssone G7
R169		Viganeset sjøområde,2017	
~~202403~~	~~71/1~~	~~Viganeset nord~~	Inngår i krav om ny felles områdeplan – gjennomføringssone G7
R151	72/1	Buhammar, 2014, hytter	Byggegrense framgår av kplan
R56	73/1	Barnevik tømmerkai, Fister, 1999	Byggegrense framgår av Kplan Inngår i krav om felles plan gjennomføringssone G10
~~R57~~	~~73/1~~	~~Barnevik, Fister, 1987, hytter~~	Foreslått oppheva - Planvask Byggegrense framgår av Kplan
R58	73/2	Lid, Fister, 2006, naust	Byggegrense framgår av Kplan
R59	74/29	Eikehaugen, Fister, 12, bustader	
R60	74/mfl	Fister skule, 89	
R137	74/30,2	Næringsområde Fister Smolt,2014	Byggegrense framgår av kplan
~~R62~~	~~74/3~~	~~Midtre Fister, hytter, 95~~	Foreslått oppheva - Planvask
R162	74/7	Solstrand bustadfelt, 25	
R63	75/2	Fisterhammaren, 07, bustad	
R141	75/2	Fisterhammaren Vest, 13, bustader,	
R109	75/3	Følsvika, Fister, 2006, Bustader	Byggegrense framgår av Kplan/Rplan
R154	75/3	Sandvik bustadfelt, 2020	
R168	75/14	Fister Kai I ,2017, hytter	Byggegrense framgår av Kplan
R66	75/19mfl	Fisterneset,2005, hytter	Byggegrense kplan/regplan
R67	75/40	Fister kai II, Fister,96, hytter	Byggegrense framgår av Kplan
R68	75,76/	FV631/Fister kyrkje, 96, veg/kyrkje mm	
R69	76/1	Kjelevika, Fister,93, badeplass	Byggegrense framgår av Kplan

R70	76/1	Øvrehus, Fister,99 bustad	Byggegrense framgår av Kplan
R159	79/1	RV13, Hetlandsvingen, 16	
R175	82/1	Nordskår, Fister, hytter,23	Byggegrenser kplan/regplan
202401	82/2	Nordskår hyttefelt, Fister, 10, hytter/havn	
R173	84/1,2 mf	Helgøy, 2018, hytter	Byggegrense framgår av Kplan/Regplan
R135	84/1,85/1	Mosnes-Helgøy, veg/bru,2015	
R73	85/1	Mosnes, Fister,2010 bustader	Byggegrense framgår av Kplan/Regplan
R139	85/1	Mosnes, Fister, 2013, bustader	
R74	85/2	Grønvik, Fister, 2010, hytter	Byggegrense framgår av Kplan/Regplan
202404	84/4	Eikelid hyttefelt, 24	
R75	85/5	Solvåg, Fister ,2011, hytter/reiseliv	Byggegrense framgår av Kplan
R163	86/2,33	Sigmundstad /Lysåsen	Byggegrense kplan
R118	87/2	Randa, Randøy,2007, hytter	
202302	87/1	Randa, Randøy, 25	
R149	88/2,4	Kåda2, 2015, hytter	Byggegrense framgår av Kplan
R79	89/1	Børøy,1991, hytter	Byggegrense framgår av Kplan Kplan overstyrer
R80	89/1	Børøy, 91, p-plass	
R81	89/1-10	Kuneset, Børøy,1999,hytter	Byggegrense framgår av Kplan Kplan overstyrer
R82	89/4-23	Børøy nord,1997,hytter	Byggegrense framgår av Kplan Kplan overstyrer
R83	89/14	Lauvholmen, Børøy,1995,hytter	Byggegrense framgår av Kplan Kplan overstyrer
~~R84~~	~~89/15,26~~	~~Børøy aust,1996, hytter~~	Forslag om oppheving - Planvask
R150	90/1 mfl	Knarravågen/Ostervika, 2014,hytter	Byggegrense framgår av Kplan
~~R87~~	~~90/1-5~~	~~Grimsneset, Randøy,99, hytter~~	Forslag om oppheving. Byggegrense kplan
R88	90/3	Krossdal, Randøy, 2004,hytter	Byggegrense framgår av Kplan
R90	91/1 mfl	Ryfylke Skjærgårdspark,2004,hytter	Byggegrense framgår av Kplan/Regplan
R90b	91/1 mfl	Utbyggingsplan Ryfylke Skjærgårdspark,2006,hytter	Byggegrense framgår av Kplan/Regplan

202502	92/1	Sandanger steinbrot	
R187	92/2	Kvaløy	
R190	92/4	Sandanger hyttefelt	
R158	95/1	Ingvaldstadsvingen, 14, RV13	
R92	100/	Mælslia bustadfelt, 90	
R93	100/1 mfl	Årdalstunet/GEA, 12, næring	
R176	100/6,9	Årdal brygge bustad, 2022	
~~R95~~	~~102-103/~~	~~Årdal skule, 84~~	Foreslått oppheva - Planvask
R96	103,108	Bøen-Kirkhus, 97, bustadfelt	
R157	104/2	Bønardalen hyttefelt, 19	
R97	105-106/	FV633/RV13, g/s,bustad 93	
R174	106/ mfl	G/S-veg Årdalstunet-Bøen	
R98	106/2	Dalane, 09, bustadfelt	
R129	106/2	Dalane II, 09, bustader	
R99	109/1,2	Høiland gard, 00, reiseliv	
R110	113/130	Øvre Valheim/Tveit, 06, masseuttak	
R100	115/1,2	Holmane/Øvre Tysdalsvatn, 03, hytter	
~~R101~~	~~128/1-2~~	~~Kaltveits utmark, 87, hytter~~	Foreslått oppheva - Planvask
R156	129/3 og 130/1,3	Tveit og Ullestad, 16, masseuttak	
R119	129/4	Leitet, 08, hytter	
R102	129/6-14	Risåsen, 90, hytter	
R183	129/13 mf	Ullestad bru	
R103	134/	Grimslia, 95, hytter	
R131	137/1,2	Tjentlandsmoen, 10, masseuttak	
~~R117~~	~~138 mfl~~	~~Soppeland, 07,masseuttak~~	Foreslått oppheva, Planvask
~~R134~~	~~142/1 mfl~~	~~Nessavatnet hyttefelt+småbåthamn,2011~~	Foreslått oppheva – Planvask Byggegrense framgår av kplan
~~R106~~	~~142/21~~	~~Nessa,01, hytter~~	Foreslått oppheva – Planvask
R120	142/7	Longhammarneset II, Årdal,14,hytter	Byggegrense framgår av Kplan

8 Føresegner som linjer

8.1Forbudgrense sjø

Byggegrenser frå sjø er lagt inn i plankartet i dei regulerte områda som ikkje har byggegrenser i reguleringsplan, og i eksisterande byggeområde i kommuneplanen som forvaltast direkte etter kommuneplanen, Sjå tabell 7.8

9 Samferdsel/infrastruktur som linjer

9.1Fjernveg, hovudveg, samleveg

Gjeld eksisterande vegar og framgår av plankart
RV 13 = fjernveg
Alle fylkesvegar= Hovudveg
Alle kommunale vegar= Samleveg

Forslag til framtidige riksvegtrasear framgår av kap 7.4, og er vist som skravert omsynssone

9.2Gang- og sykkelveg

Innlagde trasear er grovt teikna inn, og retningsgivande for vidare detaljplanlegging.

STREKNING	Stad	Bygd	RETNINGSLINJE
Langs fylkesveg 4702	Kryss Melands moen – butikken Vadla	Jøsen-fjorden	Krav om reguleringsplan for delstrekket. Traseen vidare langs fylkesvegen inngår i reguleringsplan R124 Vadla masseuttak.
Langs fylkesveg 4678	Frå Solstrand bustadfelt til kryss Jokerbutikken	Fister	Deler av traseen inngår i reguleringsplan R162 Solstrand bustadfelt. Krav om reguleringsplan for delstrekket
Langs fylkesveg 4674	Frå Klokkarjordet til Mosnes	Fister	Krav om reguleringsplan. Traseen skal primært vurderast som g/s-veg på vestsida av fylkesvg. I alle fall i område lengst i nord der terreng og bustetanforhold tillet det.

			Forøvrig vurderast enklarae stander gangveg el fortau
Langs RV13,	Riskedalsv atnet	Årdal	Krav om reguleringsplan. Tiltak må sjåast i samanheng med ny RV13-trasè/Årdalstunnel, og ev bruk av overskotsmassar
Langs RV13	Soppe land-Storå bru - Årdals-tunet	Årdal	Deler av strekket inngår i tidlegare regulert masseuttak Soppeland. Krav om reguleringsplan. Standardkrav må sjåast i forhold til at RV13 kan bli omlagd og vegen bli nedklassifisert til fylkesveg.
Langs Fylkesveg 4682	Vågen-Krofjell-Steinsland	Hjelme-land	G/S-veg langs fylkesvegen. Traseen er tenkt som ei kopling mot framtidig turveg rundt Steinslandsvatnet, sjå kap 9.4. Krav om samla reguleringsplan for heile prosjektet

9.3Turveg eller turdrag

Generell retningslinje:

Innteikna trasear i plankartet er teikna grovt inn og er rettleiande for vidare detaljplanlegging.

Hovudturvegar:

Gjeld Stavanger Turistforening sitt løypenett i heia, både eksisterande og framtidige/planlagde ligg i plankartet. (Dei eksisterande som vil bli erstatta av nye/planlagde, er enda ikkje tatt ut av plankart).

Retningslinje: Ikkje krav om reguleringsplan før etablering, kun enkel merking/skilting tillate.

Lokale turvegtrasèar med retningslinjer:

STREKNINGAR	RETNINGSLINJER
Hetlandsvatnet – Fistervågen	Krav om reguleringsplan før etablering. Innteikna trase i plankartet er rettleiande.
Steinslandsvatnet rundt,Hjelmeland	Krav om reguleringsplan før etablering. Innteikna trasè i plankartet er kun rettleiande. Ved endeleg trasèvalg skal ein ta omsyn til vassdrag og kantsoner, dyrka mark, tun og fast busetnad. Nordside av vatnet/langs fylkesveg: g/s-veg
Prestavegen: Årdal – Espeland	Turstitraseen er kulturhistorisk og går enkelte stader gjennom/langs fornminne. Traseen skal ikkje opparbeidast i grunnen. Kun enkle tiltak som merking/skilting er tillate, men då ikkje innafor automatisk freda kulturminne. Merkinga bør i størst mogleg grad følgje opprinneleg trasè. Enkelte trasèomleggingar av omsyn til tun, dyrka mark, fornminne el. anna kan likevel gjerast. Plan for merking/skilting av traseen skal

	godkjennast av Rogaland Fylkeskommune Kultur og avklarast med grunneigarar før etablering. Synleggjering av kulturminne, kulturlandskap, naturtypar o.a. undervegs er positive tilretteleggingstiltak. Omsynet til beitedyr skal òg vektleggjast; mogleg behov for ferister/gjerdeklyverar
Riskedalsvatnet sørside	Etablering av tursti skal skje i samråd med grunneigarar. Dyrka mark og tun skal unngås. Synleggjering av kulturminne, kulturlandskap, naturtypar o.a. undervegs er positive tilretteleggingstiltak.
Kaldavatn-Bjødnabu	Skiløype. Traseen skal ikkje opparbeidast i grunnen. Kun enkel tilrettelegging for skiløypemaskin
Hjelmeland omsorgsenter – Prestegardsmarka	Turveg med barnevognstandard. Ikkje plankrav

9.4 Farled sjø

Hovud-og bileder er framgår som linjer i plankart, sjå kap 6.1.